Nytt om namn

Meldingsblad for Norsk namnelag

Nr. 30 - 1999

Oslo 1999

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)

Redaktørar: Botolv Helleland (ansv.), Gulbrand Alhaug, Peter Hallaråker og Lars S. Vikør

Utgjevarstad:
Seksjon for namnegransking
Institutt for nordistikk og litteraturvitskap
Universitetet i Oslo

Nr. 30 1999

Redaksjonen er avslutta 15. desember 1999

Adresser m.m.

Norsk namnelag, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen. Bankgiro: 6501.41.08704. Kontingenten er 150 kroner for året.

Tidsskriftet *Namn og Nemne,* Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen. Tlf. 55 58 24 22.

Meldingsbladet *Nytt om namn,* Seksjon for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 75.

INNHALD

LEIAR
G. Akselberg: Størst i Norden 2
NORSK NAMNELAG
Innkalling til landsmøte i Norsk namnelag 3
Styremøte i Norsk namnelag 3
Namn og Nemne 16 4
KONFERANSAR OG MØTE
Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking 5
ICOS XX i Santiago de Compostela 6
Nordmann visepresident i ICOS 7
Neste ICOS–kongress i Uppsala (2002) 8
NORNA–nytt 9
Navneseminar i Helsingfors 22.10.1999 9
ANNA MELDINGSSTOFF
Namn på Nettet 10
Ho kan heita *Henne* 10
Språkrådets diplom for godt navnevett 11
Toppnamn i Australia 12
Disputas om stadnamn 13
NORMERING OG BRUK AV NAMN
T. Trosterud: Koding av namn i folkeregisteret sine databasar 13
Evalueringa av stadnamnlova – innspel frå namnekonsulentane 18
K. M. Holsbøvåg: Nokre tankar omkring stadnamnnormering 20
G. Alhaug: Skal genitivs–s markerast i mellomnamn? 22
ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN
G. Alhaug: Internett–tøv om namn på innsette i fengsel 24
I. Utne: Praktisering av personnamnlova. Fornamn 25
L. Khumalo: Kva gjeld vel hundenamn? 30
Brev til K. Rygh frå Edv. J. Havnø 35
I. Utne: Fra Revkroken til Myrkroken. Navn i Bergen 37
E. Egeberg: *Sebuska* – fra Murmankysten til døpefonten 39
T. Andersson: Förnamn eller initial? 40
MINNEORD
E. F. Halvorsen: Knut Bergsland 41
B. Helleland: John Kousgård Sørensen 42
BOKMELDING
Heidersskrift til Oddvar Nes 43
OMTALE AV HOVUDOPPGÅVE
R. Lockertsen om Å. Wetås: *Namneskiftet Kristiania – Oslo* 44
NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 45
G. Alhaug: Norsk namnebibliografi 1998 46
G. Alhaug: 1997 – Tillegg 52

LEIAR

STØRST I NORDEN

Ved utgangen av november 1999 hadde Norsk namnelag 406 medlemer, noko som tyder at vi har 406 abonnentar på tidsskriftet *Namn og Nemne* og meldingsbladet *Nytt om namn*. I nordisk samanheng er dette mykje. Under den 20. ICOS–konferansen i Santiago de Compostela, 20.–25. september i år, vart det halde eit møte for redaktørar av namnetidsskrift, og der kom det fram at også i internasjonal samanheng markerer vi oss med eit relativt høgt abonnenttal. Dette er svært gledeleg, og ikkje minst gledeleg er det at talet på abonnentar gjennom mange år har vore stabilt, med ein jamn oppgåande tendens.

Ei viktig årsak til at vi har eit høgt abonnenttal, er den sterke lokalhistoriske og lokalkulturelle interessa som finst i Noreg, noko som også gjer seg utslag i ei sterk interesse for lokallitteratur generelt og bygdebøker spesielt. Som nordmenn er vi sterkt opptekne av vår lokale identitet og tilhøyrsle. Hovudtyngda av medlemene våre er personar med ei brei og allmenn lokalinteresse, berre eit mindretal har namnefagleg bakgrunn.

Den gode oppslutninga om *Namn og Nemne* forpliktar. Vi må ha ein fagleg profil som tar omsyn til abonnentane på ulike måtar. For den allmenne lesaren skal skriftet vårt først og fremst innehalda artiklar som gjev lesaren gløtt inn i aktuelle forskingsfelt innom faget. På den måten får lesaren også oppleva kva som rører seg i 'forskingsfronten' i dag. Vidare må skriftet ha artiklar som lesarane kan bryna seg på. *Namn og Nemne* må dessutan ha stoff av allmennfagleg og populærvitskapleg karakter som alle kan lesa med utbyte, noko som er i samsvar med innleiinga i *Namn og Nemne* hefte 1 om at artiklane "bør ha ei framstillingsform som gjer at ikkje–fagfolk og kan ha utbytte av stoffet" (NN 1984:7).

Skal vi skjøtta pliktene våre for allmennlesaren vel, er det viktig at vi har dyktige fagfolk som kan skriva artiklar på ulike nivå. Vi treng popularisatoren like mykje som vi treng grunnforskaren.

Det er viktig at vi når allmennlesaren med stoff som orienterer, opplyser og gjev innsikt, men det er også viktig at vi engasjerer lesaren gjennom stoff som problematiserer aktuelle spørsmål i faget. Vi vil difor gje rom for debatt i *Namn og Nemne*, slik vi t.d. hadde i nr. 13 mellom Eli Ellingsve og Jørn Sandnes om gardsnamntolkingane til Oluf Rygh. Vi oppmodar difor namnegranskarane til å levera kortare innlegg om viktige problemstillingar som det er divergerande oppfatningar av.

Vi er glade for at vi når ut til eit større publikum, og ynskjer nye namneinteresserte velkomne som medlemer i Norsk namnelag!

Gunnstein Akselberg
Bergen

NORSK NAMNELAG

INNKALLING TIL LANDSMØTE I NORSK NAMNELAG

Det vert med dette kalla inn til landsmøte i Norsk namnelag torsdag 11. mai 2000 kl. 16.00 (etter første dag av Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking) i auditorium 2 i det nye Universitetsbiblioteket (Georg Sverdrups hus), Blindern, Oslo.

Sakliste

1. Verksemda til Norsk namnelag 1996–1999
2. Tidsskriftet *Namn og Nemne*
3. Meldingsbladet *Nytt om namn*
4. Rekneskap
5. Val av styre og redaksjonsmedlemer
6. Ymse

Gunnstein Akselberg
Bergen

STYREMØTE I NORSK NAMNELAG

Styret i Norsk namnelag hadde møte 5. november 1999 på Universitetet i Oslo. Gunnstein Akselberg (leder), Gulbrand Alhaug, Botolv Helleland, Lars Vikør og Anne Svanevik var til stede. Akselberg fortalte at *Namn og Nemne* nr. 16 – 1999 var til korrektur og forhåpentlig kommer ut på riktig side av årsskiftet. Nummeret får et ekstra legg på 8 sider for å få med melding av *Norsk stadnamnleksikon* (1997–utgaven) og navneregister. Videre kunne han med tilfredshet opplyse at mye av innholdet til nr. 17 – 2000 allerede er klart. Botolv Helleland orienterte om innholdet i det kommende *Nytt om namn* nr. 30 (dette nr.). Gulbrand Alhaug ønsker seg bedre respons fra leserne på innmelding av stoff til navnebibliografien.

Styret registrerer med stor glede at medlemstallet i Namnelaget har økt med 26 på et halvt år, og at vi nå er oppe i hele 406 medlemmer, se lederen på forrige side. Lagets økonomiske situasjon er fortsatt god. Fremdeles får vi ca. 45.000 kr i trykkestøtte fra Forskningsrådet hvert år. Gunhild Stefánsson på Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, som har vært engasjert til føring av regnskap og medlemsregister for Namnelaget i noen år, ønsker å trekke seg fra dette arbeidet når hun går av med pensjon til høsten. Jarle Halveg overtar etter henne.

Ellers orienterte Akselberg fra NORNA–møtet i Helsingfors 30. oktober 1999, og kunne fortelle at det nordiske forskerregisteret kommer i ny utgave på nyåret. Rapporten fra konferansen Utanlandske namn i Norden (Oslo, mai

1997) trykkes i år og kommer ut like over årsskiftet. Akselberg oppfordret alle interesserte til å melde seg på den forestående konferansen på Island 26.–28. mai 2000, med tema "Kristendom og navn".

Landsmøtet i Norsk namnelag holdes torsdag 11. mai 2000 kl 16.00 på Universitetet i Oslo, i forbindelse med den 9. nasjonale konferansen i namnegransking (se formell innkalling på neste side). I den forbindelse blir det valg av nytt styre i Norsk namnelag og skriftredaksjoner til *Namn og Nemne* og *Nytt om namn*. Styret arbeider med forslag til kandidater.

Anne Svanevik
Hønefoss

NAMN OG NEMNE 1999

Namn og Nemne 1999 har dette innhaldet:

Botolv Helleland: Nedervd uttale – ein merknad
Eli Ellingsve: En vurdering av metodene til datering av stedsnavn
Ivar Utne: Praktisering av personnamnlova. Slektsnamn og mellomnamn
Gulbrand Alhaug og Agnete Egilsdatter Kristoffersen: Personnamn og likestilling
Gudlaug Nedrelid: "Ender og daa ein Aslaksen eller Bragestad". Etternamnskikken på Sør– og Vestlandet. Studiar i folketeljingsmaterialet frå 1801. Doktordisputas ved Universitetet i Bergen
- 1. opponent, Eva Brylla
- 2. opponent, Bent Jørgensen
- Svar frå doktoranden, Gudlaug Nedrelid

Bokmeldingar
Register
Tilsend litteratur
Medarbeidarar i årgang 16

KONFERANSAR OG MØTE

DEN 9. NASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING

Namn gjennom 2000 år – og i år 2000

Torsdag 11. – fredag 12. mai 2000, Blindern, Universitetet i Oslo

Som meldt i *Nytt om namn* nr. 29 skal Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking haldast på Blindern i Oslo 11.–12. mai 2000, i auditorium 2 i det nye Universitetsbiblioteket (Georg Sverdrups hus). Praktisk tilskipar er Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo. Desse sit i organisasjonskomiteen: Gunnstein Akselberg, Universitetet i Bergen, Gulbrand Alhaug, Universitetet i Tromsø, Botolv Helleland, Universitetet i Oslo og Ola Stemshaug, Noregs teknisk–naturvitskaplege universitet (Trondheim). I redaksjonskomiteen sit Kristin Bakken og Kristoffer Kruken, båe frå Universitetet i Oslo.

Me tek her opp att og supplerer informasjonen som stod i nr. 29:

Konferansen, som i år går over to dagar, er planlagd som eit ledd i markeringa av tusenårsskiftet. I samband med konferansen skipar Norsk namnelag til landsmøte (sjå innkalling på s. 3 her i bladet). Arrangementet startar kl 12 torsdagen og vert avslutta kl 16.30 fredag ettermiddag. Om kvelden fyrste dagen vert det sosialt samvær.

Tittelen på konferansen, *Namn gjennom 2000 år – og i år 2000,* er vald for å framheva det doble perspektivet ved namnestudiet, nemleg det historiske perspektivet som viser til den høge alderen namna våre kan ha, og det notidige perspektivet som siktar på mangfaldet i typologi og namnebruk inn i det nye tusenåret. Ved å ta opp namn i ulike språklege, historiske og sosiologiske samanhengar vil ein setja søkjelyset på den unike verdien dette materialet har for auka forståing av språk, individ og samfunn i eit notidig og historisk perspektiv.

Fristen for å melda seg på *med foredrag* går ut 1. januar 2000. Desse foredragshaldarane er særskilt inviterte til å delta med hovudforedrag (40–45 minutt pluss diskusjon): Thorsten Andersson (*Namnforskningen inför 2000-talet*), Vibeke Dalberg (*Nordisk navneforskning i internationalt perspektiv*), Jørn Sandnes (*Norsk navneforskning i tverrvitenskapelig perspektiv. Hva er oppnådd – hva kan framtida gi?*), og Kristin Bakken (*Personnavnforsking og stedsnavnforskning – to ulike disipliner?*).

Til dei andre foredraga (20–25 minutt pluss 5–10 minutts diskusjon) har det meldt seg fleire interesserte. Dersom det melder seg på for mange foredragshaldarar, avgjer komiteen kven som kan få plass. Det vert lagt vekt på ei balansert fordeling etter emne, kjønn, institutt–tilknyting og geografi. Endeleg program vert sendt ut til deltakarane i april. Foredraga skal som

vanleg prentast i ein eigen rapport. Deltakaravgifta er kr 200,– (medrekna rapporten fritt tilsend når han kjem ut). Også interesserte frå andre land er velkomne til å delta.

Påmelding innan 1. april 2000 til :
Seksjon for namnegransking, postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo.
Faks (++47)22854381, e–post: botolv.helleland@inl.uio.no
(Kopier gjerne denne sida, fyll ut og send til ovannemnde adresse)

Namn: .....

Adresse: .....

Postnr./–stad: .....

Tel: ..... Faks: .....

E–post: .....

Eventuell foredragstittel:

.....

ICOS XX I SANTIAGO DE COMPOSTELA

Våt og kjølig råme for Den 20. internasjonale kongressen i namnegransking

Den 20. internasjonale kongressen i namnegransking vart halden i Santiago de Compostela (i Galicia i det nordvestlege Spania) 20.–25. september 1999. Til kongressen i denne kjende pilegrimsbyen i det gamle Jakobsland hadde 327 deltakarar meldt seg på, men over tiandeparten møtte ikkje opp. Til saman vart det halde godt over 200 foredrag, pluss tre temadiskusjonar: ein om onomastikk og litteratur (styrt av Friedhelm Debus), ein om namnefaglege tidsskrift (styrt av Enzo Caffarelli), og ein om undervisning i namnegransking ved høgare lærestader (styrt av Botolv Helleland).

Frå **Noreg** deltok desse med foredrag:

Gunnstein Akselberg: *Foreign place–names in Norwegian atlases and text books*; Gulbrand Alhaug: *A comparison of the name stock of different periods: a method for capturing the idiosyncrasies of each period;* Eli Ellingsve:

Making plausible the semantic relationship between the head and a modifying personal name in nominal compounds (place–names); Botolv Helleland: *La loi norvégienne sur la normalisation des noms de lieu: objectifs et application*; Gudlaug Nedrelid: *Der Personennamenbestand in Henrik Ibsens Gegenwartsdramen aus namentypologischem und namensoziologischem Gesichtspunkt*; Inge Særheim: *Personal names as first element in some settlement names from Southwest Norway.*

For dei andre nordiske landa såg foredragslista slik ut:

Danmark: Vibeke Dalberg: *Name variant or new name? A discussion based on Danish toponyms.*

Finland: Terhi Ainiala: *Why do place names change?* Kaj Peter Borg: *Soziale Schichtung und Vornamenwahl. Zur offiziellen finnischschwedischen Vornamenwahl vom 17. bis 20. Jahrhundert*; Päivi Raino: *Personal names in Finnish sign language*; Marja Viljamaa–Laakso: *Local names towards the virtual 2000's – or back to the Middle Ages?*

Island: Svavar Sigmundsson: *Personal names in Icelandic place names.*

Sverige: Thorsten Andersson: *Nomen et gens in urnordischer Zeit*; Eva Brylla: *Personal names and gender*; Birgit Falck–Kjällquist: *January born in February. Names of the months as personal names – a foreign pattern among Swedish personal names;* Linnea Gustafsson: *Jenny, Fanny and Natty: a socio–onomastic study on first names during the 19th century in the surroundings of Skellefteå in northern Sweden*; Lennart Hagåsen: *Phonological restrictions in Swedish surnames*; Gösta Holm: *The origin of the Germanic place–names ending in –staðir, –sta(d), –sted, –stead and –stätt, –stedt*; Inger Larsson: *Jons Erik and Matpers Anders – an indigenous system of family names*; Ann–Christin Mattisson: *International influences reflected in Swedish dog names*; Leif Nilsson: *Standardization of Swedish place–names in the 20th century*; Staffan Nyström: *Names in the Swedish sign language of the deaf*; Lena Peterson: *A dictionary of the personal names in the Scandinavian Viking Age runic inscriptions: presentation of a research project*; Karl Inge Sandred: *English stead: a changeable place–name element in a changing community*; Svante Strandberg: *Das Verhältnis zwischen Runenanthroponymen und Anthroponymen in Ortsnamen;* Annette C. Torensjö: *The National Land Survey of Sweden and its role as the national geographical names authority*; Per Vikstrand: *To own or to use*; Mats Wahlberg: *Popular Germanic place–name dictionaries. A critical survey.*

BH

NORDMANN VISEPRESIDENT I ICOS

Under Den 20. internasjonale namnegranskarkongressen i Compostela de Santiago i Spania (20.–25. september) vart det valt nytt styre i den internasjonale namneorganisasjonen (International Council of Onomastic Sciences –

ICOS). Botolv Helleland vart da vald til den eine av dei to visepresidentane. Dei andre i styret er: Isolde Hausner, Austerrike (president), Mats Wahlberg, Sverige (den andre visepresidenten), Inge Bily, Tyskland (sekretær), Pierre-Henry Billy, Frankrike (assisterande sekretær), Zofia Kaleta, Polen (kasserar). I tillegg kjem desse seks suppleantane: Maria Giovanna Arcamone, Italia, Laimute Balode, Latvia, Ana Maria Cano Gonzales, Spania, Volker Kohlheim, Tyskland, Ritva Liisa Pitkänen, Finland og Grant Smith, USA.

Botolv Helleland skulle stå godt rusta til dette tillitsvervet. Han har tidligare markert seg internasjonalt – både i namnefaglig og administrativ samanheng. I fleire år har han såleis seti i FNs organ for standardisering av stadnamn (UNGEGN). I vervet som visepresident kjem det òg til nytte å vera språkmektig: I tillegg til sitt velklingande Hardanger-mål talar Helleland både engelsk, tysk og fransk. Han har også publisert artiklar på desse språka. I kraft av dei gode språkkunnskapane sine har han såleis eit godt utgangspunkt for å vera brubyggar mellom den engelske, tyske og romanske "namneverda".

Vi ønskjer Helleland lykke til i vervet som visepresident i ICOS!

GA

NESTE ICOS-KONGRESS I UPPSALA (2002)

Når den neste internasjonale namnekongressen skal arrangeras, får nordmennene stutt veg. Mens dei i haust måtte ta seg fram til pilegrimsbyen Santiago de Compostela i Spania, treng dei neste gong berre sala på til ferd mot Uppsala. Opphavlig var det Seksjon for namnegransking i Oslo (ved Botolv Helleland) som fekk ein førespurnad om å arrangere den 21. internasjonale namnekongressen, men da det viste seg at dei fekk kapasitetsproblem (det var for få som kunne hjelpe til med avviklinga av kongressen), vart det til at Uppsala fekk kongressoppdraget. Kongressen blir halden i tidsrommet 19.–24. august 2002. Desse institusjonane samarbeider om arrangementet: Språk- och folkminnesinstitutet, Institutionen för nordiska språk og Kungl. Gustav Adolfs Akademien. Desse sitt i kongresspresidiet:

Heiderspresident: prof. Thorsten Andersson
Presidentar: prof. Svante Strandberg, prof. Lennart Elmevik og dir. Björn Lindquist
Generalsekretærar: fil.dr. Eva Brylla og fil.dr. Mats Wahlberg

For ivrige namnefolk som vil planlegga på lengre sikt, er det utsikter til ein eksotisk kongress i 2005. Da vil kongressen trulig bli lagd til Sør-Afrika.

GA

NORNA–NYTT

Den nordiske samarbeidskomiteen for namnegransking, NORNA, hadde møte i Helsingfors 30. oktober 1999. Av dei sakene som vart handsama, er dei fylgjande av allmenn interesse:

Komande symposium
Det vil verta arrangert fylgjande symposium i NORNAs regi dei komande åra (tidspunkta kan verta endra):

NORNAs 29. symposium: *Övriga namn 2*, april 2001, Svidja, Finland.

NORNAs 30. symposium: *Navne og kulturelle kontakter i Østersø–området*, september 2001, Visby, Gotland.

NORNAs 31. symposium: *Stednavnetypen –torp*, våren 2002, Danmark.

Elles er førebuinga til NORNAs 28. symposium, *Kristendommens indflydelse på nordisk navngivning*, 25.–28. mai 2000, Skálholt, Island, i full gang.

Nordisk namneforskarregister
Den nye utgåva av *Nordisk navneforskerregister* er snart ferdigredigert og vil bli gjeven ut ein gong våren 2000.

NORNA–stipend
Den norske namnegranskaren Berit Sandnes vart tildelt NORNA–stipendet for yngre namneforskarar for 1999.

Gunnstein Akselberg
Bergen

NAVNESEMINAR I HELSINGFORS 22.10.1999

Forskningscentralen för de inhemska språken arrangerte i høst for tredje gang et endags navnemøte i Helsingfors. Hensikten med møtene er å presentere den nyeste navneforskningen; det skjer på et navneseminar om høsten og en navnedugnad om våren. Nå i oktober var det omtrent 40 personer til stede, og det ble holdt sju innlegg med diskusjoner.

Ritva Liisa Pitkänen begynte dagen med hilsener fra Den 20. internasjonale kongressen i navnegransking i Santiago de Compostela. Terhi Ainiala fortalte om pågående navneprosjekter på Forskningscentralen: *Atlas om stedsnavn* og *Stedsnavnenes kontinuitet*. Johanna Halonens innlegg handlet om Askolas bosetningshistorie sett i lyset av arkeologisk materiale og stedsnavn. Toni Suutari la frem sin undersøkelse *Historien om tospråklige områders navnekultur*. Sami Suvirantas innlegg behandlet slangnavn og økenavn rundt Esbo. Videre fortalte Marja Viljamaa–Laakso om hvordan byen Esbo hadde møtt de utfordringer som *Dagarna för Europas byggnadsarv* hadde stilt til

den. Jaana Jokinens innlegg handlet om *Personnavn i litteraturen – en forskningsoversikt*, og til slutt snakket Mari Voipio om navnetyper som forekommer på Internett.

Tuula Eskeland
Tromsø

ANNA MELDINGSSTOFF

NAMN PÅ NETTET

Internett har vorte ein del av kvardagen til mange, også for namnegranskarane, og for interesserte amatørar i faget. Mange har sikkert oppdaga norske og utanlandske nettstader med peikarar til namnedatabasar og litteratur om namn. Ei slik adresse fall oss i hende her om dagen då me bladde gjennom det stensilerte meldingsbladet til American Name Society no. 99 (October 1, 1999). Her fekk me vita at ved å slå opp på www.petrix.com/catnames/ kunne me få tilgjenge til ei liste over 2000 amerikanske kattenamn. Me meiner ikkje at katteeigarane treng gå dit for å finna namn på kjæledyra sine, men det er artig å sjå kva som finst. Her er peikarar til hundenamn og andre namnegrupper (men heile vegen kjem ein i fare for å dumpa bort i eit reklameoppslag for hundemat o.l.). Ein kan òg tasta seg fram til litteratur om m.a. personnamn, t.d. *A concise dictionary of first names* ved seriøse forfattarar som Patric Hanks og Flavia Hodges. *Nytt om namn* introduserer hermed "namnesurfing" som eit nytt tidtrøyte for lesarane sine.

BH

HO KAN HEITA *HENNE*

Justisdepartementet har no vedteke å tillata *Henne* som førenamn etter å ha rådført seg med dei to namnefaglege konsulentane sine, Kristoffer Kruken og Ivar Utne. Grunngjevinga er at *Henne* typologisk og etter lagingsmåte passar inn i det norske jentenamnleksikonet. Det kan vera danna av *Henrikke* og *Johanne*, jf. kortformer som *Rikke* og *Hanne*. Frå før finst det berre eitt døme på at *Henne* er nytta som førenamn. Derimot er det 123 personar som har *Henne* som etternamn, men då av eit anna opphav. *Henne* er gardsnamn i Fana i Bergen, uttala /"hɛdno/, mogeleg ei avleiing til gno. *hallr* m. 'stein'. I Gloppen i Nordfjord er det òg eit gardsnamn skrive *Henne*, uttala /"hɛɲane/, altså ei fleirtalsform, av usikkert opphav, men slektsnamnet av dette gardsnamnet er skrive *Henden*.

Etter personnamnlova har ein ikkje høve til å ta eit slektsnamn som førenamn dersom det ikkje samstundes er eit opphavleg førenamn. Døme på

problemfrie førenamn er *Arne* og *Åse*, som båe er vanlege som slektsnamn, men av ulike opphav. Vidare seier personnamnlova at ein ikkje velja til førenamn eit namn som kan verta til ulempe for den som ber det. Vonleg vil ikkje *Henne* verta noka ulempe for namneberaren – så lenge ho ikkje må gå på skule i Tyskland? (*Henne* tyder 'høne' på tysk.)

BH

SPRÅKRÅDETS DIPLOM FOR GODT NAVNEVETT

Fire ganger i året, på ulike steder i landet, deler Norsk språkråd ut diplom for godt navnevett til bedrifter og foretak som har valgt gode norske navn på virksomheten. Aksjonen er et ledd i arbeidet for å motvirke unødvendig bruk av engelsk i norsk. Siden aksjonen startet i 1991, har over 400 foretak fått diplom.

Godt navnevett er å:
- velge gode norske ord framfor utenlandske
- praktisere norske skriveregler i navnelagingen
- hente ord og vendinger fra lokal tradisjon
- la den poetiske kraften i morsmålet få spillerom
- bruke fantasi, vett, og gjerne humor

Offentlige institusjoner skal dessuten ta hensyn til begge målformer i navnelagingen.

Språkrådets hefte *Navn i neon* gir enkle råd om skrivemåten av navn på bedrifter og foretak og peker på noen vanlige feil. Heftet kan en få gratis fra Språkrådet, på bokmål eller nynorsk etter ønske.

Språkrådet tar gjerne imot forslag på kandidater til diplomet. Forslagene kan sendes til førstesekretær Bente Baltzersen (baltzer@sprakrad.no).

På nettsidene sine har Språkrådet en fullstendig liste over alle diplomvinnerne; adressa er: http://www.sprakrad.no/navnevet.htm

Vi tar med noen få eksempel på det en kan finne der:

Radio Aktiv (Egersund)
Småtroll (klesbutikk for barn, Bodø)
Øyeblikket Optiske (Oslo)
Hårek (frisørsalonger flere steder)
Fjordblomsten (blomsterbutikk, Årdal i Sogn)
Topp te' tå (kroppspleie, Haugesund)
Kringla (bakerier flere steder)
Siste Skrik (reklamebyrå, Oslo)

TOPPNAMN I AUSTRALIA 1897–1998

Meldingsbladet til American Name Society no. 99 (oktober 1999) har lese Sydney–avisa *Sun Herald* 1. august 1999 og kan gje att ei liste over dei ti mest populære førenamna i Australia i fire periodar frå 1897 til 1998. Me har tillate oss å saksa lista:

JENTER	GUTAR
1897	
1 Mary	William
2 Elsie	John
3 Alice	George
4 Margaret	James
5 Florence	Thomas
6 Dorothy	Arthur
7 Gladys	Charles
8 Annie	Henry
9 Elizabeth	Harold
10 Ethel	Robert
1948	
1 Margaret	John
2 Lynette	Robert
3 Patricia	Peter
4 Christine	David
5 Susan	Michael
6 Robyn	William
7 Judith	Ronald
8 Sandra	Paul
9 Helen	Brian
10 Jennifer	Raymond
1972	
1 Michelle	Jason
2 Kylie	David
3 Nicole	Michael
4 Shane	Matthew
5 Karen	Andrew
6 Lisa	Paul
7 Melissa	Mark
8 Joanne	Peter
9 Rebecca	Christopher
10 Sharon	Robert
1998	
1 Emily	Jack
2 Jessica	Joshua

3	Sarah	Lachlan
4	Chloe	Matthew
5	Emma	Daniel
6	Georgia	James
7	Samantha	Thomas
8	Olivia	Nicholas
9	Caitlin	Benjamin
10	Isabella	Luke

DISPUTAS OM STADNAMN

Den 19. juni forsvarte cand.philol. Eli Ellingsve avhandlinga *Menneske og stedene. Sannsynliggjøring av relasjoner mellom overledd og underledd i sammensatte stedsnavn med personnavn i underledd* for dr.art.–graden ved Universitetet i Bergen. Fyrsteopponent var Vibeke Dalberg, Institut for Navneforskning, København, og andreopponent Ritva Valtavuo–Pfeifer, Forskningscentralen för de inhemska språken, Helsingfors.

Målet med avhandlinga er "å vise at det kan være mulig, ved hjelp av en metode, å sannsynliggjøre én bestemt opprinnelig relasjon, blant et avgrenset antall (sett) av potensielle relasjoner, mellom leddene i et sammensatt stedsnavn med personnavn i underleddet, der relasjonen ikke kjennes av informanten". Avhandlinga er delt i ni hovudkapittel (med underkapittel på inntil fire nivå): 1. Innledning, 2. Materiale, 3. Metode, 4. Overleddet, 5. Underleddet, 6. Ekstralingvistisk kontekst, 7. Prosessering av data, 8. Tolking av resultat, 9. Evaluering av materiale og metode. Dertil namneregister, kart, figurar og heile 67 tabellar.

Opposisjonsinnlegga og forsvaret vert trykte i nr. 17 av Namn og Nemne (2000).

BH

NORMERING OG BRUK AV NAMN

KODING AV NAMN I FOLKEREGISTERET SINE DATABASAR

I dag er folkeregisteret sine databasar koda med eit sjubitssystem, dvs. at det er mogleg å bruke bokstavane i det norske alfabetet (a–å), og ingen andre bokstavar. Dette betyr at det er umogleg å representere samiske namn, og at det er umogleg å representere namn i språka til dei aller fleste innvandrar–språka i Noreg. Ikkje–norske namneformer blir dermed skrive feil i registra. I dag er det teknisk mogleg å skrive desse namna rett, og i denne artikkelen blir

det føreslått at denne teknikken blir utnytta. Eg gjer òg framlegg om at det blir utarbeidd retningsliner for mellombels registrering av namn så lenge programvare som skal til for korrekt registrering, ikkje er installert.

I dag nyt ikkje alle norske borgarar den menneskeretten det er å få skrive namnet sitt rett i offisielle register. Det blir tvert i mot praktisert ein politikk som går ut på å nekte borgarane å registrere namnet sitt i korrekt form. Denne politikken har heller ikkje eksplisitte retningsliner for korleis ikkje–norske namn skal pressast inn i det norske alfabetet. Det bør vera eit krav at den assimilatoriske politikken i det minste blir gjennomført på ein konsekvent måte, ved at desse retningslinene blir gjort eksplisitte, men aller helst bør alle borgarar få høve til å registrere namna sine slik dei blir skrive, i alle fall i dei tilfella der dei skriv dei med latinsk alfabet. Teknisk sett er det òg fullt mogleg å representere samtlege av verdas skrivemåtar på ein eintydig måte i registra.

Artikkelen presenterer først språka som blir mangelfullt representert i dag, og deretter kjem ein gjennomgang av dei tekniske aspekta ved koding av namn. Deretter kjem ei drøfting av ulike praksisar for alfabetisering, og til slutt kjem ei oppsummering. Artikkelen tar opp den norske situasjonen, men alt som blir sagt gjeld òg for dei andre nordiske landa.

Språk og bokstavar i Noreg

Nordsamisk har sju bokstavar som ikkje finst i det norske alfabetet: á, č, ð, ŋ, š, ŧ, ž; jf. http://www.indigo.ie/egt/alphabets/smi–northern.pdf. På grunn av hundre års fornorskingspolitikk har norske samar som regel norske namn, men parallelt med namna i kyrkjeboka har samiske namn heile tida vore i bruk, på same måten som det i norske bygder har vore dialektformer i bruk i staden for dei offisielle namneformene. I takt med at samiskspråklege etter kvart får same rettar til å bruke morsmålet sitt som det norskspråklege har, vil fleire namn i samiske område innehalde samiske bokstavar. I tillegg inneheld folkeregisteret sine databasar adresseopplysningar. I dei samiske kjerneområda har også gate– og stadnamn samiske former, ofte som eineformer, og registra inneheld dermed samiske namn jamvel om sjølve personnamnet er norsk.

Talet på utanlandske statsborgarar og deira etterkommarar aukar i Noreg, og sjølv om det totale talet i dag ikkje er så mykje høgare enn på 20–talet, kjem dei frå fleire land enn tidlegare. Dei færraste latinskbaserte språka i verda bruker berre bokstavane i det engelske alfabetet (i Europa er engelsk det einaste språket som klarar seg med a–z). Web–adresser til oversikter over bokstavar brukt i samtlege europeiske språk, ordna etter språk og grafem, er lista opp til slutt i artikkelen.

Ein kvar diskusjon av namn som ignorerer skrivemåten av desse namna i offentlege databasar, vil gjera brukarane av desse namna ei bjørneteneste.

Fleire av namna som no er representert i Noreg er opprinneleg frå språk som ikkje bruker det latinske alfabetet. Det bør vera ei prioritert oppgåve å få retningsliner for korleis desse namna skal registrerast, men det fell utanfor ramma til denne artikkelen.

Faglege retningsliner for skriving av namn

Det spørsmålet som alle latinskbaserte namnebasar må ta stilling til, er kva som ligg i omgrepet "det latinske alfabetet". Kva er ein latinsk bokstav? Er det bokstavane a–z? Er det a–z pluss dei bokstavane som trengst for å skrive dei offisielle språka i landet? Er i tilfelle "Bygdøy Allé" eit mogleg norsk namn, i og med at det inneheld bokstaven é? Den faglege avgjerda som må ligge til grunn for arbeidet med namn basert på det latinske alfabetet, er for det første om det skal vera eit mål å skrive namn rett (med dei latinske bokstavane det blir skrive med), eller om det skal vera eit mål å skrive namna med dei norske bokstavane a–å (og tilsvarande i dei andre nordiske landa).

Etter mitt syn bør namna skrivast rett, og "det latinske alfabetet" må dermed forståast som "settet av grafem i bruk i skriftspråk som bygger på det latinske grunnalfabetet a–z".

Dette inneber at Göran Källgren ikkje skal heite Gøran Kællgren, og at Kárášjohka skal få sleppe å vera Karasohka. Det same gjeld tsjekkiske, ungarske, serbokroatiske osb. namn.

Viss dette prinsippet blir nedstemt, bør ein ta konsekvensane av dette, og slutte å bruke samiske namn. Heller enn "Karasjohka" bør vi vera ærlege og skrive "Karasjok". I dag er folkeregisteret sine databasar lagt opp etter det absurde prinsippet at ein skal bruke samiske former (også) i dei tilfella der det eksisterer norske parallellformer, sjølv om det fører til at namnet blir feil skrive.

Når det gjeld personnamn er det ikkje mogleg å tvangsomdøype folk. Viss registra skal halde fram med politikken som no blir ført (feilaktig skrivemåte), bør det utarbeidast retningsliner for kva feilaktig skrivemåte som blir brukt, for at det skal vera mogleg å finne rett namn. To prinsipp peiker seg ut:

i. Fjerne diakritiske teikn
ii. Bruke digrafar

I dag er ei blanding av desse prinsippa i bruk, t.d. blir islandsk ð skrive som d mens islandsk þ blir skrive som th. Skal det vera feil, bør det i det minste vera konsekvent feil, men eit betre prinsipp er som sagt å skrive rett.

Eit tredje alternativ er å ha dobbel oppføring i registra: Eitt felt der namnet står rett oppført, og eit felt som blir automatisk generert etter relativt enkle reglar, og som gir t.d. ein versjon av namneforma som brukar berre bokstavane i det norske grunnalfabetet a–å.

Ein av grunnane til at politikken i dag inneber feilskriving av namn, er at det til no har vore tekniske hindringar i vegen for korrekte namneformer i datamaskinelle basar. Som neste avsnitt vil vise, eksisterer ikkje desse tekniske problema lenger. Det er likevel eit poeng å halde tekniske og lingvistiske diskusjonar frå kvarandre, slik at ein veit kva lingvistiske mål ein skal ha for arbeidet sitt før ein går i gang med å løyse dei tekniske problema.

Teknisk bakgrunn

I datateknologiens bakgrunn vart kvar bokstav koda med 7 bit, dvs. med eit sjusifra binært tal. Bokstaven v er t.d. representert som 1110110. Eit sjubitssystem gir 27 = 128 ulike teikn. 32 av desse vart sett av til programmeringsføremål, og dei resterande posisjonane vart fylt med bokstavane frå A til Z, og med andre teikn. Resultatet vart ISO 646, også kjend som ascii.

Folkeregisteret sine databasar baserer seg på såkalla "sjubitsnorsk", dvs. på ein kodetabell der ascii–teikna [\] og {|} er erstatta med ÆØÅ og æøå. Det er denne kodinga som er i bruk i tekst–tv i dei nordiske landa, bortsett frå at äö er brukt i staden for æø. Også andre latinskbaserte språksamfunn har laga seg sine eigne sjubitsvariantar av ISO 646.

Sjølv om systema har brukt 7 bit, har den åttande biten alltid vore tilgjengeleg, og i Vest–Europa bruker ein standarden ISO/IEC 8859–1 (også kjend under namnet "Latin 1"), som inneheld bokstavane som trengst for alle andre vesteuropeiske språk enn samisk (nesten: fransk œ manglar i Latin 1, og likeins š og ž, som blir brukte i lånord i finsk, men i Latin 1–samanheng blir dei erstatta med oe, sh og zh).

Sjølv om Latin 1 dekker dei fleste vesteuropeiske språka, er det utilstrekkeleg for fleire språk som er i bruk i Noreg i dag. Det viktigaste av dei er nordsamisk, men også latinskbaserte språk som serbokroatisk, tyrkisk, tsjekkisk, polsk og vietnamesisk fell utanfor Latin 1. I tillegg kjem alle andre alfabet, og latinske transkripsjonar av andre alfabet.

For å løyse dette problemet har det vorte tatt i bruk ein del andre standardar, i Europa Latin 2, som inneheld ei rekkje teikn som er i bruk i m.a. austeuropeiske språk med latinsk alfabet, og tilsvarande standardar for slavisk kyrillisk, hebraisk og arabisk.

Dette fungerer viss brukaren berre er interessert i eitt sett av bokstavar (ein kodetabell), men poenget her er at namnebasane inneheld former frå fleire ulike kodetabellar på ein gong. Dermed er dette ikkje nokon farbar veg i vårt tilfelle.

Løysinga på dette problemet er å ta i bruk kodingsstandarden ISO/IEC 10646, også referert til som "det universelle teiknsettet" (UCS), og "Unicode" (etter samanslutninga av dei viktigaste produsentane (IBM, SUN, Microsoft, Apple, Hewlett Packard, osb.) som alle arbeider for UCS, jf. http://www.unicode.org, sjå også Trosterud 1996). UCS er ein 32–bitsstandard, som potensielt inneheld 232, eller ca. 4,3 milliardar posisjonar. Av desse er dei første 16 bitposisjonane (216, ca. 65000 teikn) i ferd med å bli fylt. Målet med UCS er å gje kvart språkteikn brukt for eit kvart språk ein unik kode.

16–bitsteikn kan kodast på ulike måtar. Ein måte er å la kvart teikn verkeleg få 16 bit. For bokstavane i området a–z vil det bety at dei 9 første sifra alltid vil vera 0, for andre bokstavar i Latin 1, dvs. for bokstavar som æ, ø, å, ä, ö, é, ú, ð, vil dei 8 første sifra alltid vera null. Ein alternativ måte å gjera dette på er det såkalla UTF–8–formatet. UTF–8 er ein matematisk

algoritme for å kutte opp store tal i 8–bitsbitar, slik at tal større enn (binært) 1111111 blir representert som ein sekvens av to tal. Fordelen med denne metoden er at det store fleirtalet av teikn ikkje vil ta større plass enn før, ein annan fordel er at den resulterande teksten kan sendast gjennom 8–bitskanalar. Med moderne maskinvare er ikkje plassproblem for basar som folkeregisteret relevant, det viktige poenget er i alle fall å vera i stand til å representere alle relevante bokstavar rett.

Alfabetisering

I dag blir samiske namn i norske databasar sortert som om dei samiske bokstavane i (1) "eigentleg" skulle ha vore bokstavane i (2). Bokstaven á blir med andre ord handsama på same måten som à, â og ā (men ikkje ä):

(1) á; č; ð; ŋ; š; ŧ; ž

(2) a; c; d; n; s; t; z

Eitt alternativ til denne praksisen er å sortere dei slik dei blir sortert i samisk, dvs. å sortere som i (3):

(3) a; á; b; c; č; d; ð; e; f; g; h; ...

I praksis vil det for nordsamisk berre vera ved ord som byrjar på á og š at valet av løysing har store praktiske konsekvensar: Samiske brukarar vil vera nøydd til å slå opp ord på á og š på bokstavane á og š i ordboka, men når dei bruker telefonkatalogen vil dei måtte ignorere dei diakritiske teikna og slå opp på a og s i staden. I dag gjer ikkje Telenor merksam på dette, eit minstekrav bør sjølvsagt vera at det blir eksplisitt drøfta i brukarrettleiinga. Dei relevante språknemndene bør ta prinsipielle avgjerder på kva som skal vera offisiell politikk. Mitt råd er at alfabeta i Noreg, Sverige og Finland tar omsyn til samisk slik som det er skissert i (3) ovafor, og sorterer som i (4), heller enn som i (5) (semikolon viser til nivå 1 i sorteringa, teikna i parentes mellom komma blir sortert på nivå 2, dvs. rutinen sorterer a og à separat berre viss resten av oppslagsordet er identisk):

(4) a (à, â); á; b; c (ć, ĉ); č; d; ð; e (é, ...);...

(5) a (à, â, á); b; c (ć, ĉ, č); d; ð, e (é, ...); ...

I dag er det (5) som i praksis er sorteringsstrengen, t.d. i Telefonkatalogen. Bokstavar frå andre språk enn norsk og samisk bør sorterast på lågare nivå under grunnbokstavane sine, slik dømet ovafor viser, og slik det i dag blir praktisert (norsk sorterer ö under ø, og ikkje under o, og svensk gjer tilsvarande).

Konklusjonar

1. Det å få bruke namneskikken frå sin eigen kultur bør vera ein menneskerett.
2. Skal denne retten ha eit reelt innhald, må det vera mogleg å skrive namnet sitt inn i offentlege namnebasar.
3. Dette er ikkje noko teknologisk problem i dag: Basen bør kodast etter kodingsstandarden ISO/IEC 10646 (UCS).

4. Det bør utarbeidast eksplisitte konverteringsrutinar for redusering av korrekte namneformer til namneformer skrive med a–å–alfabetet der det trengst.
5. Folkeregisteret sin database bør innehalde ei dobbeltoppføring av namn i dei tilfella der namna blir skrive med bokstavar ut over det norske alfabetet (eller ut over repertoaret i Latin 1). Ved registrering av namn er det den korrekte forma som blir sett inn, programmet vil deretter automatisk generere den reduserte forma i samsvar med dei eksplisitte konverteringsrutinane.
6. Samiske namn i norske basar bør alfabetiserast etter det norske alfabetet. Same kva alfabetiseringsrutine ein vel å følgje, bør denne rutinen bli eksplisitt slått fast.

Tilvisingar

ISO/IEC 10646–1 code tables:
http://charts.unicode.org/Unicode.charts/normal/Unicode.html
Multilingual European Subsets in ISO/IEC 10646–1:
http://www.indigo.ie/egt/alphabets/
Repertoires of characters used to write the indigenous languages of Europe:
http://www.indigo.ie/egt/standards/iso10646/pdf/p10–1998–11–18.pdf
Trosterud, Trond 1996: Funny characters on the net: How information technology may (or may not) support minority languages.
http://www2.isl.uit.no/trond/barit.html

EVALUERINGA AV STADNAMNLOVA – INNSPEL FRÅ NAMNEKONSULENTANE

Vi prentar her eit brev som vart sendt til nemnda for evaluering av lov om stadnamn (oppnemnd av Kulturdepartementet) etter ei drøfting på samrådingsmøtet for namnekonsulentane i oktober i år (med nokre små redaksjonelle endringar).

Til nemnda for evaluering av lov om stadnamn
v/ Halldis Sandsdalen

På samrådingsmøtet for Namnekonsulenttenestene i Tønsberg 13.–14. oktober 1999 vart m.a. spørsmålet om grunnlaget for godkjend skrivemåte i høve til vedteken skrivemåte av stadnamn diskutert. Etter lov om stadnamn har Statens kartverk heimel til å nytta alle namneformer som er i offentleg bruk, på kart, skilt o.l., jf. § 6, sjette ledd:

> Offentlege organ og andre som er nemnde i første ledd, skal halde fram med å bruke dei namneformene som er i bruk av det offentlege når lova

blir sett i verk, til det eventuelt blir gjort endringsvedtak etter reglane i denne lova.

I merknadene er dette utdjupa slik:

> Mange av dei skriftformene som er i bruk av det offentlege, er fastsette etter dei reglane som har vore gjeldande før denne lova blir sett i verk. Andre er tekne i bruk utan særskilt vedtak.
>
> Desse skriftformene treng ikkje vurderast på nytt utan at nokon av dei som er nemnde i første ledd, tek opp sak om det. Slike skriftformer vil ofte ikkje vere å finne i stadnamnregisteret, dersom dei ikkje er ein del av det tilfanget Statens kartverk har lagt inn frå sin hovudkartserie (M 711–serien), som vil vere basis for stadnamnregisteret. Vedtak om skrivemåte som blir gjort etter at denne lova er sett i verk, skal meldast til stadnamnregisteret og takast inn der, jf. § 10 andre ledd.

Det er lett å forstå at departementet/lovgjevaren måtte finna ei praktisk løysing på bruken av namn som ikkje straks kunne vedtakast etter reglane i lova. Tanken var vel at etter kvart som det kom ut nye kart og det vart sett opp nye skilt, ville skrivemåten verta vurdert og eventuelt endra etter reglane i lova, dvs. at det ville verta reist namnesak. Ein kan tolka merknadene slik at det er kurant å ta opp namnesak (jf. "skriftformene treng ikkje vurderast på nytt utan at nokon av dei som er nemnde i første ledd, tek opp sak om det"). I praksis har det vist seg at dei tungvinte saksbehandlingsreglane og mangelfull hjelp for namnekonsulenttenestene saman med arbeidpresset i Kartverket har ført til at det vert reist namnesak for berre ein liten del av namna (ofte dreiar det seg om namn som statens namnekonsulentar tidlegare har tilrådd og som har fått plass på hovudkartserien, men som Kartverket etter lokale initiativ endrar til ei anna "godkjend" form som finst t.d. på Økonomisk kartverk).

Det kan sjå ut som om departementet har meint at det ikkje ville vera så problematisk å leva med slike overgangsordningar, m.a. for di det trass i alt er M 711–serien (N50) som dannar grunnlaget i Stadnamnregisteret. Men når no namnetilfanget på offentlege skilt, offentlege register som GAB, Økonomisk kartverk og Sjøkartverket er jamstilte som grunnlag for bruk av godtekne skrivemåtar, står ein overfor eit stort tal namneformer som heilt klart er i strid med både intensjonen i lova og teksten i forskriftene til lova. Ein del av ØK og nyutgjevne sjøkart som namnekonsulentane (stundom andre fag–kunnige) har gått gjennom, har ein tilsvarande standard som N50–formene og dermed basisen for Stadnamnregisteret, men eit stort tal av dei namna som er nytta i offentleg bruk, er skrivne i strid med normeringsreglane i lova. Dette problemet vert endå større no når namna på alle offentlege kartverk, både økonomiske kart, sjøkart og andre, skal inn i stadnamnregisteret. Sjølve registreringa er naturlegvis ei stor vinning for ei meir samla oversikt over

namnematerialet, men det er svært uheldig om praksisen med vidareføring av feilaktige skrivemåtar skal halda fram.

Me vil be nemnda vurdera dette tilhøvet og gå inn for ei ordning der skrivemåtane på N50 vert prioriterte i den vidare bruken av godkjende namneformer, men at namneformer på andre kart som økonomiske kart og sjøkart kan nyttast når dei har vore kontrollerte av namnekonsulentane eller av andre med namnefagleg bakgrunn.

Med helsing

Kristin Bakken, Navnekonsulenttjenesten for Østlandet og Agder–fylkene
Botolv Helleland, Namnekonsulenttenesta for Austlandet og Agder–fylka
Ole–Jørgen Johannessen, Navnekonsulenttjenesten for Vestlandet
Oddvar Nes, Namnekonsulenttenesta for Vestlandet
Eli Ellingsve, Navnekonsulenttjenesten for Trøndelag og tilgrensende områder
Ola Stemshaug, Namnekonsulenttenesta for Trøndelag og tilgrensande område
Eva Mikkelsen Forsaa, Navnekonsulenttjenesten for norskspråklige navn i Nord–Norge
Finn Myrvang, Namnekonsulenttenesta for norskspråklege namn i Nord–Noreg
Samuel Gælok, Navnekonsulenttjenesten for samiske og finske navn i Nord–Norge (lulesamisk)
Kjell Kemi, Navnekonsulenttjenesten for samiske og finske navn i Nord–Norge (nordsamisk)
Ole Henrik Magga, Navnekonsulenttjenesten for samiske og finske navn i Nord–Norge (sørsamisk)
Irene Andreassen, Navnekonsulenttjenesten for samiske og finske navn i Nord–Norge (finsk)

NOKRE TANKAR OMKRING STADNAMNNORMERING

Den tida han som skriv dette, hadde arbeid med å setje stadnamn på Økonomisk kartverk i Møre og Romsdal, la han merke til ein del skriftformer som folk mislikte.

Bjørnen som har plaga folk og fe fram gjennom tidene, treffer ein oftare enn noko anna dyr i stadnamna. Både i dei tidlegare føresegnene og i stadnamnlova i dag har ordlisteforma *bjørn* (bokmål og nynorsk) vore nytta. Men det er ikkje så mange målføre som har denne forma. Det er òg slik at mange forfattarar, både bokmål– og nynorskskrivande, har nytta forma *bjønn*. Sjølv riksmålsmannen Sigurd Hoel nyttar forma *bjønn* i romanen *Trollringen*. Her i Møre og Romsdal ser òg forma *bjønn* ut til å vere omtykt blant dei skrivande. Det er denne forma folk gjerne vil sjå på eit kart òg.

Når stadnamnlova tillèt skriftformer som ikkje finst i ordlistene, kunne ein tru at også ei namneform som t.d. *Bjønnahaugen* kunne godtakast. Det må vere ein grunn til at så mange diktarar og andre ikkje bryr seg med å følgje ordlista på dette punktet. Godtek ein *bjønn*, må ein nok og godta *bjødn*, og det er ei form som ikkje har vore mykje nytta i skrift. Namnekonsulenttenesta i Trondheim ser visst ikkje heilt vekk frå å godta forma *bøn*, iallfall i førsteledd. Dette er gjerne eit ønske frå Selbu, men folk frå andre landsdelar ville knapt forstå at det var dyret med ti manns styrke og tolv manns vet slike namn fortalde om.

Tjørn er eit ord ein finn i mange namn på små vassamlingar. Ein periode var *tjønn* ordlisteform i nynorsk, men slik er det ikkje i dag. Men mange skribentar skriv *tjønn*. Stadnamnlova heldt fyrst fast på *tjørn*, men i forskriftene frå 1993 vart det opna for å nytte *tjønn*. Ønsket frå folk i Møre og Romsdal er nok det same. Årsaka til at ein ikkje finn *tjønn* og *bjønn* i ordlistene, er gjerne at ein ikkje er konsekvent. Få kunne finne på å skrive *honn* og *konn* for *horn* og *korn*. *Horn* er eit vanleg grunnord i fjellnamn.

Ein høyrer ofte at folk synest at t.d. *Kvennhusdalen* verkar meir ekte enn *Kvernhusdalen*. Det blir gjerne sagt at *kvernhus* er bymål.

På garden Grebbestad på nordsida av Langfjorden i Romsdalen er det nede ved sjøen ein hammar som heiter *Banhammaren*. For fleire hundre år sia skal ei tenestetaus ha teke livet av barnet sitt her. Namnekonsulenttenesta i Trondheim har sagt at dei kan godta forma *ban*. Å normere til *Barnhammaren* vil verke unaturleg, sjølv om romsdalingane i framtida truleg berre vil seie *barn* i vanleg tale.

Må tru om namnekonsulentane vil godta ei skriftform som *Ganodden* om ein odde der ein pla setje garn? Ei slik form er i samsvar med talemålet på landsbygda i Romsdalen. Men framande får problem med å forstå namnet.

Ein ser at namnekonsulenttenesta i Trondheim kan godta ei form som *Tennholmen*. Dette er nok mange glade for. Godtek namnekonsulenttenesta i Bergen ei form som *Tedneholmen*, vil nok dette bli godt motteke i område med ein slik uttale. Hordalendingen Ragnvald Vaage gav i 1923 ut ei bok han kalla *Gutane på Tedneholmen*.

På eit kartblad av ØK på austsida av Julsundet i Romsdalen står namnet *Sauholen*. Granskar ein ikkje kartet, kan ein tru at dette er ein *hol*. Men her er det fleire holer i lendet. Skal ein skrive *Sauholene* for å vise kva for formasjonar i lendet det er tale om? Hadde dette namnet eintalsform, måtte ein etter stadnamnlova ha skrive *Sauhola* (ein seier *Sauholå* med tjukk l). Ved å sjå skriftforma *Sauhola* kan ein ikkje avgjere om sisteleddet er fleirtalsform av inkjekjønnsordet *hol* eller eintalsforma av hokjønnsordet *hole*. Mange hadde sett at ein kunne få bruke *å* som siste bokstav i bunden form av svake hokjønnsord i stadnamn der dette er i samsvar med uttalen.

Eit fjell på sørsida av Romsdalen (Raumadalen) har farlege rivner som kan føre til at noko av det klovnar ned i dalen. Fjellet blir kalla *Børå*. På kartet står det *Børa*. Når reporterane i radio og fjernsyn ser dette, les dei

namnet slik. Både dei og folk som ikkje er frå dalen, trur at namnet kjem av *bør* (gno. *byrðr* f.), det ein ber. Men den lokale uttalen fortel nok at bakgrunnen for namnet er at fjellformasjonen sett frå dalen har mint folk om ei *børe* (gno. *byrða* f.) 'kornbøre, stor kiste eller kasse'. Ein treng ikkje å gå lenger enn til grannedalføret Eikesdalen for å finne same fjellnamnet.

På kartet i M 1:50 000, blad 1220 II, finn ein namnet *Hestøyra* lengst vest på romsdalsøya Otrøya. Fiskaren Olav Jenset (f. 1923) har fortalt at to småe fjelltoppar oppå fjellrøra dannar eit bilete av øyrebiletet på eit dyr – hest. Han seier at dette er best synleg frå utsida av Otrøya, og har vore brukt som landemerke og fiskeméd. Slik som namnet står på kartet, kan ukjende anten tru at sisteleddet er *øyr* (grusflate), eller at folk her seier eit *øyra* og *øyra* i bunden form eintal. Men det er slik at *auge* og *øyre* er svake hokjønnsord i bygdemåla i Romsdalen. Otrøyingane vil helst ha skriftforma *Hestøyrå*. Kartlesarane ville då lettare skjøne at sisteleddet korkje kan vere hokjønnsordet *øyr* eller inkjekjønnsform av lekamsdelen.

Det kan vere fjellrygger som t.d. kan bli kalla *Kvassryggjinj*. Korleis skal ein normere dette namnet som har ei slik fleirtalsform?

Det ser slik ut at når det gjeld naturnamn, så vil folk gjerne ha målførenære skriftformer. Motsett er det når det gjeld bustadnamn. Ein har sett mangt eit døme på at folk ønskjer skriftformer frå dansketida som ligg retteleg langt unna talemålet. Ikkje sjeldan kan desse skriftformene vere misforståingar av innhaldet i namna. Dei er òg førte i pennen av personar som flådde dei som budde her med harde skattar og avgifter. Brukarane åtte ikkje ein gong gardane sine sjølve den gongen ein fekk dei namneformene som dei i dag strir så hardt for å halde på.

Kåre Magne Holsbøvåg
Kleive

SKAL GENITIVS–*S* MARKERAS I MELLOMNAMN – *EGILSØNN* ELLER *EGILSSØNN*?

Det har etter kvart vorti ein del foreldre som gir barna sine patronym eller metronym som mellomnamn, t.d.:

Patronym	Per	Egilsønn	Bakke
"	Anne	Egilsdatter	Bakke
Metronym	Per	Jorunnsønn	Bakke
"	Anne	Jorunnsdatter	Bakke

For ordens skyld vil eg legga til at også variantane *–sen*, *–søn*, *–son* og *–dotter* kan brukas – forutan dei mest utbreidde *–sønn* og *–datter*. I patronyma på *–datter* og *–dotter* var det vanlig å bruke genitivs–*s* på 1800–talet, t.d. *Knutsdotter*, *Evensdatter* og *Eriksdatter*. Også på 1990–talet er dette det vanlige

mønsteret, t.d. *Skjalgsdatter*, *Einarsdatter* og *Tomsdatter*. Derimot ser det ut til at genitivs–*s* ofte manglar i metronym nå på 1990–talet, t.d. *Ellendatter*, *Lisedatter* og *Lisesønn*. Her har vi ikkje noko samanlikningsgrunnlag mellom mønsteret i dag og på 1800–talet, for metronym var så å seia ikkje brukt på 1800–talet.

Mens vi utan vidare kan høre at namn på *–datter/–dotter* inneheld genitivs–*s*, t.d. *Tomsdatter*, kan vi ikkje "høre" genitiven i namn med *–sønn*, *–son* o.fl. – jf. *Egil(s)sønn*. Her begynner jo etterleddet på *s–*, og ein kan dermed vera i tvil om genitiven skal markeras i skrift. Her har ein altså to stavealternativ:

A. Markering av genitiv, dvs. *Egilssønn*

B. Ikkje markering av genitiv, dvs. *Egilsønn*

Alternativet med genitiv er i samsvar med det systemet som blir praktisert ved attgjeving av namn frå norrøn tid, t.d. i dei siste Snorre–utgåvene (t.d. *Sigurdsson*, *Eiriksson*, *Kolbeinsson*), mens alternativet utan genitiv svarar til det som var vanlig i patronym på 1800–talet (t.d. *Pedersen*, *Evensen*, *Akselsen*). Her er det med andre ord ein konflikt mellom to konvensjonar.

Når vi normalt markerer gentitivs–*s* i patronym på *–datter* og *–dotter* (*Knutsdotter*, *Evensdatter*), ville det også vera mest konsekvent (som i islandsk) å markere dette også i patronym på *–sønn* og *–son*, dvs. skrive *Jonsson* og *Jonssønn*. Men til støtte for ein stavemåte utan genitivs–*s* kan ein argumentere med at tradisjonen frå 1800–talet framleis har ei slags gjennom–slagskraft i og med at vi til daglig ser etternamn, dvs. stivna patronym, som *Evensen*, *Johnsen* og *Johansen*.

Eg finn det elles noko overraskande at forskriftene til gjeldande namnelov opnar for at *–sen* kan brukas i mellomnamn av patronym– og metronymtypen, t.d. *Rogersen* og *Jorunnsen*. Her ville *–sønn* eller *–son* gjøra det tydeligare at det er tale om at ein er 'son' av Roger eller Jorunn. Dessutan vil *–sen*–endinga skapa ekstra komplikasjonar for det spørsmålet eg tek opp her: Om ein kjem fram til det standpunktet at genitivs–*s* skal markeras i mellomnamn av typen *Evenssønn*, bør ein for konsekvensens skyld også markere genitiv i patronym på *–sen*, dvs. skrive *Evenssen*. Men dette ville føre til uheldige par som *Evenssen – Evensen*, der den fyrste stavemåten skulle reserveras for mellom–namnet, den siste for etternamnet.

Eit av problema med ei liberal haldning til stavemåten i personnamn er at namneberaren stadig blir nøydd til å presisere korleis han/ho skriv namnet sitt, t.d. *Cathrine*, *Catrine*, *Katrine*, *Kathrine*. Men det vil trulig løfte seg eit rama–skrik over landet om statlige organ skulle gi direktiv om stavemåten av personnamna – slik vi har det for stadnamna.

Likevel vil eg hevde at det kan ha mye for seg å standardisere stavemåten for eit *systematisk* trekk i personnamn, t.d. markering av genitivs–*s* i patro–nym og metronym. Dette står altså i motsetning til meir "usystematisk" stave–variasjon som det kan vera problematisk å innføre "standardiseringsreglar"

for, t.d. variantar som *Ruth*, *Rut* og *Rutt*. Eg trur ikkje foreldra vil føle det som noko spesielt sterkt inngrep om dei får veta at mellomnamnet på sonen deira skal skrivas med <ss> – *Eirikssønn* – ikkje med éin <s>. Her får ein skjera gjennom, og vi kunne gjerne få ei tilråding frå den komiteen som nå er nedsett til å revidere namneloven. For min eigen del finn eg det mest konsekvent at genitivs–*s* skal markeras i namn på *–sønn/–son* fordi genitiv er vanlig i namn på *–datter/–dotter* (*Evensdatter*, *Knutsdotter*). Men som eg har vist ovafor, fins det også argument for å sløyfe genitivs–*s*, dvs. skrive t.d. *Egilsønn*. Det vesentlige er at det skulle vera unødvendig å vingle mellom to prinsipp her. Så får kompetente organ ta stilling til kva for prinsipp som er best.

Ettersom skikken med å gi mellomnamn av patronym– og metronym–typen fyrst har tatt seg opp dei siste åra, kan ein unngå auka forvirring ved å standardisere stavemåten før denne namnetypen blir enda meir vanlig.

Gulbrand Alhaug
Tromsø

ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

INTERNETT–TØV OM NAMN PÅ INNSETTE I FENGSEL

Personnamnforskarar kan ha opplevd å bli kontakta av journalistar som vil veta om det kan påvisas særtrekk ved namna på dei som sitt i fengsel. Men den slags forsking vil eg påstå kan karakteriseras som uetisk: Om ein t.d. skulle finna ut at *Roger* var eit vanlig fengselsnamn – kva da med alle dei *Roger*–ane som har upletta vandel? (Vi har bl.a. ein statsråd med dette namnet.) Slik forsking kunne føre til at dei *Roger*–ane som ikkje har gjort noko gali – og dei er i solid fleirtal – måtte li og tåle spitord fordi ein namneforskar hadde funni ut at *Roger* var eit vanlig namn på innsette i fengsel. Dei journalistane som tørstar etter slik forsking, kan finna "svaret" på denne Internett–adressa:
http: //home.c2i.net/kennolse/

Eg gir her att innhaldet ordrett (inkl. ortografiske feil og andre feil):

> **Dårlege Namn**
> Fleire års forsking på samanhengen mellom namn på innsette i fengsla i Noreg har vist at enkelte namn er hardare belasta enn andre. Forskarteamet bestående av Professor i sosialantropologi S. R. Rasmussen og namneforskar K. I. Olsen har kome fram til den konklusjonen at foreldre som gjev ungane sine namn innanfor ein

viss kategori øydelegg barndommen deira. Fleire av barna opplever å bli mobba, og av mobbinga kjem psykiske problem som førar til diverse brottsverk. Forskarane har no endeleg frigjeve ei liste over dei belasta namna, og den har vi gleda av å presentere for dykk. Førebels er lista berre øver gutenamn, men seinare kjem det også til å bli lagt ut ei eiga liste over jentenamn. Ein klar tendens er at mange kriminelle har namn som byrjar på Ro som Ronny, Roy og Roger. Under no følgjer den lenge etterlengta lista:

[Her skulle den "etterlengta lista" ha kommi, men av ein eller annan grunn står det her berre open plass på denne Internett–sida. Deretter blir artikkelen avslutta slik:]

NB!!
Det er viktig å merke seg at alle som har desse namna som er nevnt på denne sida ikkje nødvendigvis stemmar. Som i alle andre samanhengar så finns det individuelle ulikheiter.

PS! I tilfelle vi skulle ha glemt nokre namn som de meiner vi bør forske på så kan de maile oss på: kennolse@c2i.net.
De er forresten besøkende nummer 005598 [pr. 25.8.99].

Grunnen til at eg vart merksam på denne "namneforskinga", var at eg vart oppringt av ein journalist frå Trondheim som ville ha kommentarar til desse opplysningane. Men eg måtte sant å seia fortelja henne at eg ikkje kjente nokon forskar med namnet K. I. Olsen i det norske namnemiljøet. Eg rådde henne derfor til å vera skeptisk til denne "forskinga". Og skepsisen min vart ikkje mindre da eg etterpå opna denne Internett–sida. I det heile er det ein del sjarlatanar som boltrar seg på Internett, og for ein journalist kan det ofte vera vanskelig å skilje mellom skitt og kanel. Men honnør til journalisten som i dette tilfellet ville gardere seg ved å kontakte fagmiljøet før ho evt. kolporterte denne "forskinga" vidare til avislesarane.

Gulbrand Alhaug
Tromsø

PRAKTISERING AV PERSONNAMNLOVA. FORNAMN

Den norske personnamnlova har forbod mot å ta i bruk fornamn danna av slektsnamn, og restriksjonar mot namn som kan vere til ulempe. Ulempe har dreia seg om uvanleg uttale eller skrivemåte, at namn berre er i bruk for motsett kjønn, og at namna kan føre til mobbing. Nylaga namn eller namn med utanlandsk opphav har ofte blitt avviste fordi dei har kome i konflikt med fleire av desse reglane. Godkjenningspraksisen i Justisdepartementet (JD) er

liberalisert dei siste 2–3 åra, jf. JD–rundskriv 1999 (sjå referanselista). Dessutan har JD oppnemnt ei arbeidsgruppe som "skal utrede behovet for navnelovsrevisjon" (*Nytt om namn* nr. 29, 1999:11).

Meir fyldige omtalar av nåtidig praksis for mellom– og slektsnamn kjem i *Namn og Nemne* nr. 16 (1999). Og i nr. 17 (2000) kjem etter planen meir om fornamn. Som medlem av arbeidsgruppa for namnelovsrevisjonen tek eg gjerne imot innspel.

Slektsnamnlike fornamn

Slektsnamnlike fornamn blir godkjende om ein kan dokumentere at dei har sjølvstendig opphav.

Men det finst land der ein ikkje skil mellom for– og etternamn, og der f.eks. skikken er slik at farens fornamn er etternamn for barna. I nokon grad blir slik namneskikk godteken for innvandrarar (JD–rundskriv 1999:4–5).

Ulempe

I resten av artikkelen skal vi sjå på nokre namnetypar som har blitt vurderte å vere til ulempe.

Framand form

Ein del namn som verkar framande her i landet, har blitt avviste. Mange av dei har blitt godkjende seinare. Det kan vere namn som er nykonstruksjonar, namn frå Bibelen, namn inspirerte av religiøse eller mytologiske førebilete, eller andre namn frå språk og kulturar som tradisjonelt har stått oss fjernt. Slike godkjende namn er det nykonstruerte gutenamnet *Åld Dagaz Raido* og det somaliske gutenamnet *Mpho*.

I JD–rundskriv 1999:4 er dette mjuka opp:

> Fylkesmennene og folkeregistrene kan ikke avslå navn bare fordi det er fremmedartet, eller fordi navnet på annen måte har uvanlig uttale og/eller skrivemåte.

Namn med framand form har ved fleire høve blitt avviste av andre grunnar, som likskap med slektsnamn, uklar kjønnsidentifisering, eller anna ulempe. Det er endra no, jf. nedanfor.

Uvande skrivemåtar for kjende namn

Uvande skrivemåtar for kjende namn har blitt vurderte å vere til ulempe i enkelte høve. Men det er eller har ikkje vore noko formelt krav at fornamn skal følgje norsk rettskriving.

Slike namn kan vi dele opp i typane fornorsking, lydtilpassing og spesielle skrivemåtar.

Fornorsking vil seie at vi brukar ein skrivemåte som gjev att uttalen etter norske rettskrivingsprinsipp. Tradisjonelt har ein ofte teke bort stumme h–ar, endra *ph* til *f*, endra *w* til *v* og *c*, *ck* eller *ch* til *k* eller *kk*.

Det har vore meir motstand mot fornorsking av namn med større endring av skriftbiletet, oftast med vokalendring, som *Jeanette*, *Madeleine* og *Kate* (jf. JD–rundskriv 1991:40–41 (sjå referanselista) og Anne H. Austbø: *Navneloven* (1986:102). *Madelen* og *Ket* blei godkjende før 1992.

I JD–rundskriv 1999:4 har JD endra praksis, som f.eks. for *Sjanett*:

> Denne fornorskningsmåten er imidlertid i tråd med Norsk språkråds prinsipper for hvordan franske utgangspunkt kan tilpasses norsk rett–skrivning. [...] Videre bør det åpnes for en fornuftig lydtilpasning [...]. Navneloven skal ikke være et hinder for en slik utvikling av skrift–språket.

Lydtilpassing inneber at ein endrar skrivemåten i etablerte norske namn til ein måte som avspeglar uttalen, sjølv om dette ofte er i strid med norsk skrive–praksis. *Tåve*, *Rålf*, *Sværre* og *Karrine* har vore stoppa. Vokalane for dei tre første bryt med ein historisk nedarva måte å skrive namna på. *Karrine* bryt mot vanleg prinsipp for ordlaging, her *Kari* + *ine* som normalt bare skal miste ein *i*.

Truleg vil namna som er nemnde ovanfor, bli godkjende om nokon søkjer no.

Den tredje typen er *spesielle skrivemåtar*, dvs. namn som ikkje følgjer noka form for norsk uttale eller utbreidd skrifttradisjon. Slike er *Hlin* og *Zebastian*. *Zebastian* blei avvist av JD i 1998, fordi det vil bli oppfatta som ei feilskriving. Men det er godkjent seinare (helst fordi det er innarbeidd i Sverige i 1990–åra).

I JD–rundskriv 1999:4 står det:

> Navn med en skrivemåte som av folk flest vil oppfattes som en åpenbar skrivefeil, kan imidlertid "verta til ulempe for den som har det". Det samme gjelder nylagde navn med en meget komplisert skrivemåte. Justisdepartementet har for eksempel nektet det nylagde fornavnet Tszjan som valg av navn for barn.

Personnamnlova hindrar ikkje registrering av fornamn med dobbel *a* (*aa*) for *å* eller med svensk *ä* eller *ö*, dvs. med to prikkar over, slik ho blir praktisert. Det samiske alfabetet, som har sju teikn som ikkje er med i det norske, kan og brukast fullt ut, sjølv om dei ikkje kan registrerast i folkeregisterdatabasen. Opplysningar om ukurante samiske teikn blir førde i eit merknadsfelt (ifølgje folkeregistera i Karasjok og Porsanger, tlf. 6.10.1999).

Namn frå land med ikkje–latinske skriftteikn blir transkriberte til teikn i det norske alfabetet. Namn frå land med latinsk alfabet, men med nokre andre

teikn enn våre, blir i praksis transkriberte med dei teikna som finst i folkeregisterbasen, dvs. det norske alfabetet pluss *Ä*, *É*, *È*, *Ô*, *Ö*, *Ü*. Aust-europeisk teiknbruk med fleire diakritiske teikn blir ikkje registrert, heller ikkje i merknadsfelt (ifølgje Sentralkontoret for folkeregistrering og Oslo folkeregister, tlf. 29.11.1999). På andre språk, som fransk, spansk og portugisisk, finst òg ekstra teikn. Her får vi altså endra namneform.

Etter norsk skriftpraksis brukar ein trykkmarkering berre for å unngå mistydingar. For namn vil det helst seie *René*, *André* og *Helén*. Aksenten kan ikkje motiverast frå lånespråket.

På same måte som i rettskrivinga har styresmaktene vore avvisande til trykkmarkering i namn (Austbø 1986:102–103). Vi kan tenkje oss *Marí* med trykk på i–en eller *Johán* med trykk på a–en. Dette vil dessutan føre til registreringsproblem i folkeregisteret, som berre har aksentar (høgre– og venstreaksent) over e. Islandsk har fleire vokalar med høgreaksent. Dei er eigne teikn med eigen uttale. Desse blir heller ikkje registrerte i Noreg.

Kjønnsidentifisering

Styresmaktene har rekna det som ulempe at eit namn har uklar kjønnsidentifisering i forma. Det har vært kravd eit kjent norsk fornamn i tillegg. Det har òg vore rekna som ulempe at namnet er i bruk for motsett kjønn av det ein ønskjer å få det brukt for.

Uklar kjønnsidentifisering har fram til det siste ofte vore argument mot framandkulturelle namn, som jentenamnet *Gamzegül* og gutenamna *Benaiah* og *Mawuli Abednego Dugbanor*. JD–rundskriv 1999:3 presenterer ny praksis:

> I dag er det såpass vanlig med navn som ikke er kjønnsidentifiserende at slike navn ikke kan anses å være til ulempe for den som har navnet. Dette betyr at det ikke lenger skal kreves et kjønnsidentifiserende navn ved siden av.

Men kravet om tradisjon for det kjønnet ein ønskjer, gjeld framleis.

Marie har blitt godkjent som tredje fornamn for ein gut med fransk mor, der familien har hatt tradisjon for det (JD 5.11.1996, sak 96/12589; sjå referanselista). Det er dermed opna for slik bruk for barn med foreldre frå kulturar med denne namnebruken. Den katolske skikken for bruk av namn frå motsett kjønn gjeld helst andre og tredje fornamn, og omfattar til vanleg nokre få sentrale bibelske namn, som *José*, *Paul*, *Pierre* og *Marie*.

Kjælenamn

Kjælenamn har ein vore atterhaldne med. For nokre år sidan byrja JD å godkjenne kjælenamn for vaksne som har vore kjende lenge under desse namna, f.eks. *Kikki*, *Tertit* og *Vesla* for kvinner (JD–rundskriv 1999:3–4). Eg vil tru det er vanskeleg å hindre oppkalling med desse namna. Slik sett vil dei i truleg bli godkjende for allmenn bruk i nær framtid. Det følgjer òg av dette at

namn som *Piddien* og *Goggen* kan bli godkjende for dei som har brukt desse i lang tid. Det er ikkje nytt at kjælenamn blir offisielle namn, eldre eksempel er *Sine*, *Mina*, *Vilde* og *Sander*.

Tabu

I JD–rundskriv 1999:4 står det:

> Navn som er skjellsord, sykdomsnavn, negativt ladede begreper, eller navn som på annen måte virker støtende skal imidlertid avslås under henvisning til ulempekriteriet.

Utanlandske namn kan likne norske tabuord eller ord som kan ha negativt innhald. Det kan vere namn som fell saman med norske ord for lite attråverdige handlingar, og namn der norske uttrykk for kjønnsorgan er del.

Det er inga enkel sak å avvise namn som er vanlege i mange land, og som dessutan mange vaksne innvandrarar har. På eit tidspunkt må dei gli inn i norsk namnetilfang med fulle rettar. Spørsmålet gjeld helst barn. Vaksne innvandrarar må ikkje skifte namn.

Musa blir framleis avvist (Austbø 1986:101). Og det vil vere ei dårlig løysing å krevje at muslimar registrerer seg med den kristne forma av det same namnet, *Moses*.

Drita, som finst blant kvinnelege innvandrarar frå Balkan, vil ein nok òg måtte vurdere snart.

Konklusjon

Innvandring, massemedium og kontakt med folk frå heile verda må føre til at namnetilfanget i Noreg blir påverka. På kva stadium skal vi krevje at innvandrarane går over til norsk skikk, og i kva grad? Og i kva grad skal vi hindre alle innbyggjarar i landet å bruke namneskikkar frå heile verda? Det oppstår òg andre nye namneformer. Kva skrivemåtar skal vi godta, og kor skal vi setje grenser for kva samfunnet ikkje kan akseptere?

Referansar

JD <+dato + saksnummer> = Brev frå Justisdepartementet med dato og saksnummer.

JD–rundskriv 1991 = Rundskriv fra Justis– og politidepartementet. J.nr. 480/91A–N. Rundskriv G–150/91. 10 desember 1991. Lov 29. mai 1964 nr. 1 om personnamn.

JD–rundskriv 1999 = Det Kgl. Justis– og politidepartement. Rundskriv G–81/99. 17.11.1999. Jnr. 99/06250 A–AG PF

Ivar Utne
Bergen

KVA GJELD VEL HUNDENAMN?

I nr. 28 hadde Nytt om namn to artiklar om namneskikkar i Zimbabwe, skrivne av to medarbeidarar på det såkalla ALLEX–prosjektet, eit samarbeidsprosjekt mellom m.a. Seksjon for leksikografi og målføregransking ved UiO og Zimbabwes universitet for å utvikle leksikografiske ressursar for dei to største språka i Zimbabwe, shona og ndebele (sjå s. 29 i nr. 28).

Den følgjande artikkelen er skriven av Langa Khumalo, ein tredje ALLEX–medarbeidar, som var i Oslo våren 1999. Han drøftar dei konvensjonane som ndebele–folket følgjer når dei namngir hundane sine. Artikkelen tek først opp tilhøvet mellom hund og eigar, og hevdar at det er dette tilhøvet som inspirerer eigaren til å finne eit spesielt namn for hunden. Artikkelen hevdar vidare at ndebele–folket gir hundane sine namn som uttrykkjer verdiane deira, tankane, vonene, angsten, framtidsønska, trusførestellingane, kort sagt, verdssynet deira. Forfattaren konkluderer med at hundenamn er ladde med meining hos ndebele–folket; dei er ikkje berre tilfeldige samanstillingar av språklydar. Såleis er det ikkje slik Shakespeare lèt Julia antyde i Romeo og Julia, i Henrik Rytters omsetjing: "Kva gjeld vel namn? Det som me nemner rose, vil ange like ljuvt um namnet skifter." Artikkelen er omsett frå engelsk av Lars S. Vikør.

Innleiing

I ndebele–samfunnet er det først og fremst menn som har hundar. Det er fordi mannen er overhovudet for familien. Dette er ikkje noko privilegium, men ei stilling som fører med seg ansvar. Dette ansvaret inneber m.a. å syte for og verne familien, dvs. kona eller konene og borna.

Ifølgje *Collins Cobuild Dictionary of English* er *dog* "an animal that is often kept as a pet or used to guard or hunt things". Hunden spelar såleis ei sentral rolle i å verne folk og eigendelar.

Når folk delte maten sin med hunden og såg korleis dyra bar seg åt og oppførte seg mot kvarandre, fekk dei innsikt i den særlege åtferda til hundane og dei særskilde evnene dei hadde, som godt syn, skarp luktesans og evne til å springe fort. Dei fann da ut at dei kunne utnytte desse eigenskapane til sine eigne føremål. Hunden var betre enn mennesket til å jakte og halde vakt, og derfor god å ha med seg. Det er klart at det som gjorde hunden til menneskets beste venn, var dei karaktereigenskapane hunden har.

Kvart hushald har normalt hund i ndebele–samfunnet. Det er mennene som har ansvar for hundane; dei må passe dei og gi dei mat. Etter kveldsmåltidet må gutane koke mat til hunden/hundane eller gi dei restane av kveldsmaten. Det er eitt av dei sjeldsynte høva gutar i ndebele–samfunnet har til å jobbe med gryter. Matlaging er elles kvinnearbeid. Mannen står hunden så nær at han må leggje det første stykket av sin eigen mat ned framfor hunden

før han sjølv får ta ein bit. Det er eit slags "ritual" som også tener til å styrkje banda mellom mannen og hunden hans. Ndebele–mennene har følgje av hundane sine nesten overalt – til skogs på jakt, til ølbulene, på slektsbesøk. Dei treng ikkje rope på dei for at dei skal komme. Dette nære forholdet mellom ndebele–mennene og hundane gjer at mennene uttrykkjer kjenslene sine og verdssynet sitt gjennom den trufaste vennen sin – hunden.

Dei hundenamna eg skal drøfte i denne artikkelen, er i hovudsak samla i Filabusi–distriktet i provinsen Matabeleland i Zimbabwe. Det var der eg voks opp, og i 1997 gjorde eg ei rekkje intervju der for å samle materiale til eit korpus som del av førebuinga til ei einspråkleg ordbok for ndebele. Hundenamna i dette distriktet, som også er vanlege i andre delar av Matabeleland, har alltid verka påfallande på meg. Mens eg samla inn data, sette eg opp ei kort liste over slike namn, og i nokre tilfelle intervjua eg hundeeigarar om bakgrunnen for namna. Lista er ikkje uttømmande, men kan likevel brukast til å seie noko allment om den typen hundenamn ndebele–folket bruker, når ein dreg inn det bakgrunnsmaterialet eg fekk fram. Det er enno ingen som har forska særskilt på hundenamn i ndebele, så dette er berre eit stutt oversyn og eit forsøk på tolking av namnesystemet i ndebele generelt og hos Filabusifolket spesielt. Hundenamna i dette distriktet, og blant ndebele–folk generelt, avspeglar verdiane og framtidsvonene til folk.

Verdiar

Ndebele–folket har sterke sosiale verdiar – dei tener først og fremst til å sveise folket saman. Mellom desse verdiane kan vi nemne god grannskap, respekt for andres verdigheit, uthaldsevne; kort sagt: det gjeld om å vere ansvarlege borgarar. Visse typar åtferd møter forakt, slik at samfunnet blir reinsa for negative verdiar. Nokre av dei positive verdiane er uttrykte i dei namna ndebele–mennene gir hundane sine. Namna inneheld ulike bodskapar som kan vere retta til eigaren sjølv, slektningane hans/hennar, vennene, grannane og samfunnet generelt.

Thandabantu ("Elsk andre menneske") er eit veldig populært hundenamn. Bodskapen i namnet er retta til heile samfunnet. Det vil lære folk at dei skal elske kvarandre. Det tek til på individnivå, ein skal elske andre menneske heile tida, og held fram på familienivå; familien er kjernen i alle samfunn. Når kjærleiken rår mellom familiemedlemmene, vil heile samfunnet leve i fred og harmoni. Kjærleik blir derfor hylla av ndebele–folket som den viktigaste verdien i eit stabilt samfunn.

Qinisela ("Hald ut!") er eit anna populært hundenamn. Som oftast rettar det seg mot hundeeigaren, men det kan lett utvidast til å gjelde familien og heile samfunnet. Det uttrykkjer den gamle visdommen at suksess kjem gjennom langvarig og smertefull strid; livet er ein konstant kamp for å forbetre seg sjølv og møte utfordringar. Uthaldsevne og tolmod er derfor dygder som blir sette høgt av ndebele–folket.

Ndebele–folk liker å kontrollere og forme lagnaden sin. Derfor set dei ansvarlegheit høgt. Dei verdset ein person som tek ansvar for sitt eige liv og lykkast ved eigen innsats. *Mkwati* ("ein som sluttar seg til andre ved måltidene") er eit hundenamn som rettar seg mot dei som sit på baken og vonar på at andre skal fø dei. Dette namnet er meint å lære folk at ein bør arbeide for den maten ein får på bordet. Latskap blir såleis sett ned på av ndebele–folket. Ein hund vil av natur ete alt som ligg innanfor rekkjevidd anten han er heime eller borte hos andre. Det er eit trekk som dette namnet uttrykkjer forakt for.

Ndebele–folk liker å finne talent hos andre. Når dei finn det, dyrkar dei det fram og rosar det. Også hos hundane sine ønskjer dei å finne talent. *Qeda* ("slutt") er eit populært hundenamn, særleg for jakthundar. Det betyr at hunden er så dyktig i arbeidet sitt (dvs. snøgg til å fange viltet) at han "avsluttar" det. Det ikkje berre rosar talentet til hunden, men inspirerer han til å skjerpe seg og overgå seg sjølv.

Visse talent som eigaren tillegg hunden sin, er positive trekk ein har sett hos andre dyr. Namnet *Fox* ("rev") blir gitt til ein hund som ei oppfylling av det gamle ordet "lur som ein rev". Hundeeigaren vil prøve å innprente lurheita til reven i hunden. Han vil at hunden hans skal vise dei same talenta som reven, bl.a. evna til å spore opp vilt, til å åle seg fram og fange det, og også sjølve jaktteknikken. Dette er altså ikkje berre eit namn som er teke frå ein annan dyreart, men eit som tek sikte på å gi hunden eigenskapar som kan gjere eigaren stolt av han.

Løva blir tradisjonelt oppfatta som "jungelens konge". Ndebele–mennene beundrar krafta, motet og smidigheita til løva. Det er desse eigenskapane dei ønskjer å overføre til hundane sine når dei gir dei namnet *Lion* ("løve"). Hunden Lion vil nesten alltid fange viltet på alle jaktturar (liksom hunden Qeda); hunden Lion er så aggressiv og djerv at han ikkje lett kan skremmast vekk av andre jungeldyr som hyena. Hunden Lion kan forsvare geitene, sauene og feet som eigaren gjæter mot andre farlege dyr i jungelen. Han søv vanlegvis attmed kvea for å verne geiter, sauer og fe mot åtak om natta. Han er bokstaveleg tala ei "løve". Av dette kan ein sjå eit mønster i trua til ndebele–folket. Dei trur at eit namn kan påverke åtferda til eit individ, i dette tilfellet ein hund, som har namnet. I denne trua gir dei hundane sine namn som skal påverke dei til å fremme dei verdiane som blir sedde på som ideal i samfunnet. Ein hund som ikkje lever opp til dette, blir kalla *umgakla* (eit vulgært namn som betyr ein udugeleg hund).

Angst

Det at ndebele–folket er så oppteke av å verne familie og eigedom, gjer dei til eit mistruisk folk. Vernefunksjonen ligg for ein stor del hos hunden, og derfor får vi hundenamn som avspeglar denne mistrua. Eit vanleg namn av denne typen er *Bathini* ("Kva seier dei?"). Det er ofte retta mot grannane. Det er ei

vanleg oppfatning at grannar snakkar mye om kvarandre, slik at ein fiende som bur langt unna kan skaffe seg tilgang til ein berre gjennom grannane fordi dei har meir "innsideinformasjon". Folk kan prate om korleis grannane har sikra seg og om korleis ein kan finne måtar å bryte seg inn hos folk på for å stele eller skade nokon. Eit anna hundenamn, *Bath'angithini* ("Kva vil dei at eg skal seie/gjere?") er også svært vanleg. Tanken bak det er at ein gjer alt ein samvettsfull person bør gjere, utan at andre legg merke til det eller set pris på det. Ein hund kan og få namnet *Danger* ("fare") for å åtvare fienden eller dei som legg opp råder mot ein om at det kan bli farleg for dei. Desse namna viser at ndebele–samfunnet, liksom alle andre samfunn, kjenner mistenksamheit og mistru. Namna avspeglar og set ord på slike eigenskapar slik at samfunnet kan kvitte seg med dei.

Thandungibona ("Du hyklar at du elskar meg når du ser meg") er eit anna namn som er retta mot upålitelege personar. Det er folk som hyklar at dei liker og er venner med nokon som dei legg opp svikråder mot bak ryggen deira. Namnet uttrykkjer usikkerheita til hundeeigaren. Han er klar over at det finst folk med dobbeltmoral. Bodskapen i namnet er at slike folk er farlege og at samfunnet må vere på vakt mot dei og kvitte seg med dei. Slike namn, som uttrykkjer mistru, er etter mi meining svært nyttige som varselskilt for samfunnet mot slike udygder.

Voner

Det er ofte slik at når ein mann kjenner tryggleiken sin truga, så freistar han å styrkje seg slik at han kan halde motstandarane sine unna. Han gjer alt for å tryggje seg sjølv og familien sin. Så kunngjer han vona si om at han og familien skal overleve gjennom sin beste venn og tryggingsagent, hunden. Eit slikt namn er *Bazangenzani* ("Kva kan dei gjere meg?") Dette er på ein måte eit stridsrop: Ein har styrkt forsvarsverka sine og utfordrar kven som helst til å prøve seg på dei. Det gir von om permanent tryggleik for ein sjølv, familien og eigedommen.

Bahlezi ("Dei sit godt") uttrykkjer også ei von om at familien er trygg mot trugsmål og utanfor fare. Det fortel at familien sit rimeleg godt i det og såleis har det bra. Ein kan leggje merke til at dette hundenamnet ikkje blir brukt av velståande familiar, men av grannar som kanskje misunner desse familiane. Dette er eit døme på at grannar pratar om kvarandre og veit mye om tilstandane hos kvarandre, som eg før har nemnt. *Thandimota* ("Elsk ein bil") uttrykkjer eit ønske eller ei von om at familien skal få seg bil ein dag. Det er interessant at familiens ønske om ein bil får uttrykk i eit hundenamn. Det fortel at hunden er sentrum i livet til ndebele–folket, og at vonene og framtidsønska deira blir avspegla i hundenamna.

Kjensler

Det er viktig å merke seg at dei hundenamna vi no skal sjå på, er gitt av kvinnelege eigarar. Dei er alle svært personlege namn. Ein hund fekk namnet *Sisi* (syster), etter det som vart fortalt, først og fremst fordi det var ein hohund, og dernest fordi eigaren var ei kvinne som budde åleine. Namnet uttrykkjer da det nære forholdet mellom eigar og hund – så nært som om dei var systrer.

Mont er eit mannsnamn, og ein nær venn av yndlingssonen til den nemnde kvinna heitte Mont. Hundenamnet *Mont* ser da ut til å gjenkalle og understreke den nære vennskapen mellom desse to unge mennene som, verkar det som, betydde mye for denne kvinna.

Shadi er eit anna hundenamn som finst i dette området. Etter mitt syn er Shadi ei kortform av *Shardreck*, tilpassa fonologisk og morfologisk til ndebele. Det vart ikkje klart for meg korfor hunden fekk dette namnet. Det fanst ingen kjend familiemedlem som heitte Shardreck. Eg kunne berre merke meg at Shadi var ein hannhund og at Shardreck er eit mannsnamn. Eg har konstatert at visse vidgjetne personnamn kan gjevast til hundar. Desse namna kan tolkast som teikn på at ndebele–kvinnene er ei kjenslefylt gruppe med mange minne å ta vare på. Til skilnad frå mennene ser dei ikkje hundane som tryggingsagentar eller "reiskapar", men som likeverdige, som partnarar, jamvel som nære venner.

Konklusjon

Det er uavgrensa moglegheiter til å avleie namn i ndebele, og derfor er det ikkje noko fastlagt tilfang av namn. Hundenamn kan avleiast av verb, til dømes *thanda* (å elske): *Thandabantu* er såleis laga av *thanda* og substantivet *abantu* (folk). Sidan hundenamna er gjennomsyra av meining, kan dei lagast som fullstendige setningar med subjekt, verbal og objekt, som vi har sett fleire døme på. Vi konstaterte også i drøftinga over at somme engelske dyrenamn og personnamn kan lånast rett inn i ndebele eller bli tilpassa fonologisk og morfologisk. Døme på dette er *Lion, Fox, Mont, Shadi* og *Sisi*.

Eg har her freista å syne at hundenamn i ndebele–samfunnet inneheld eit korpus av meiningsfulle utsegner. Drøftinga viste at det er eit nært samband mellom hundenamna og den sosiokulturelle meininga dei målber. Det vart konstatert at namnesystemet og namngjevingsmønsteret avspeglar samfunnsordninga og dei kulturelle verdiane til ndebele–folket. Truskapen, lojaliteten og kameratskapen hunden viser, er høgt verdsett i ndebele–samfunnet. Såleis er namngjeving tett knytt til ndebele–folkets strid for overleving og dei verdiane, tankane, vonene, den angsten og dei framtidsmåla og trusførestellingane som er samanvovne med den.

Langa Khumalo
Harare, f.t. Cambridge

BREV TIL K. RYGH FRÅ EDV. J. HAVNØ

Frå arkivet til Seksjon for namnegransking

Edvard Jensen Havnø (1869 – 1940) frå Rødøy i Nordland har skrive brevet til Karl Rygh som er prenta nedanfor. Brevet inneheld kommentarar til nokre av uttaleopplysningane og namnetolkingane Rygh hadde ført opp for gardar i herada Rødøy og Meløy i Norske Gaardnavne, bd. XVI Nordlands Amt (1905).

Havnø var fiskar og småbrukar, men arbeidde i tillegg med naturgransking og fornminnegransking. Frå 1923 dreiv han også med havgransking. Han var sjølvlært, og hadde tileigna seg kunnskapene sine på studieferder, både i Noreg og andre stader i verda. Havnø dreiv også med folkeminnesamling, og han gjorde kvart år reiser for Vitskaps–selskapets Museum og Tromsø museum over heile Nord–Noreg. Han gjorde store mengder arkeologiske funn som gav kunnskap om nordnorsk busetjing svært langt attende i tid. I tillegg til dette dreiv Havnø også med studiar av stadnamn, og i tidsskriftet Håløygminne fekk han i mellomkrigstida på prent ei rekkje artiklar innanfor dette emnet (jf. Norsk stadnamnbibliografi, nettversjonen).

Rødø 4.2. 1906

Hr overlærer K. Rygh.
Trondhjem.

Det sendte hefte om gaardnavn i Nordland er med tak modtaget. Det indeholder mange interessante ting, og aldeles nye for mig.

Nu skal jeg faa lov at gjøre et par bemærkninger:

Foruden gaarden Stensland, har vi en gaard – en af brugene paa Næsø gr.n. 1, – den hedder Grimtland og som sikkert er et meget gammelt navn. 2 mile indenfor har vi fjorden Grimen, mon der herimellem kan være nogen forbindelse? Nu regnes ikke Grimen at strække sig udover til Næsø, der er endel øer som danner et naturligt skil mellem havstykkerne. Paa Næsøen er flere rester af gravhøie eller røser ligesaa paa Selsø og Sundø, paa Gjærø og flere andre steder der har egnet sig for beboelse i tidligere tid, men kun faa steder paa selve fastlandet. Paa Bø er flere røser, dette er nu en liden uanselig gaard, dog er her gjordt et markfund af et smukt exemplar af et spydblad af kvarts. Det eneste stenredskap jeg kjender vid siden heraf er ogsaa markfund, fra Vaaga. Denne gaard er rimeligvis forøvrigt en af de ældste i sognet, jeg kjender imidlertid ikke til om der findes gravrøser.

Sleipnes med sine mange røser er nok ogsaa en gammel beboelse. At dens navn skulde komme af elven synes mig mindre troligt end at det simpelthen betyder sleipe næs – som Langnes af det lange. Imidlertid kan det ikke nægtes

at den lille sagteløbende aa, ialdfald om sommeren, kan være noksaa fuld af grønske og sleipe.

Om navnet Findrepofyrde A.B. tør jeg fremsætte den formodning at den nuværende gaard Reppen (udt. paa Tjongsfjordens nordside og tilstødende dele af Melø, Reppo. Dette dog vistnok nufortiden kun om bugten der i alle tilfælder vil være hunkjønsord) tidligere har vært beboet af af [sic!] finner. Den danner et naturligt bindeled for landeveis færdsel fra fjeldene søndenfor og nordover idet jo svartisen ellers stænger for al fremkomst. Den kunde da i lighed med Fingammen i Lurø, der nu kun kjendes under navnet Gammen, være bleven kaldet Fin–reppen. Som gaard er den jo ikke saa særdeles gammel, men egnede sig vistnok ved sin afsides beliggenhed og rigelig skog og centralt imellem renbeitestrøgene og absolut i færdselsveien, meget godt til station for lapperne.

Navnet Findrepofyrde maa isaafald have betegnet endel af, maaske hele Tjongsfjorden, der saavidt jeg erindrer slet ikke nævnes af A.B. Nu kaldes fjorden indenfor Tjong af beboerne for Aarnesfjorden, efter gnr. 58 Aarnes der sikkert er en noksaa ung bebyggelse. Tidligere har jeg hørt fremsat den formodning at navnet Reppen var af lappisk oprindelse, maaske er der ved siden noget deri. En af stedets beboere har fortalt mig at han spurde en gammel lap om hvad "Reppa" betød paa lappisk, og fik til svar at "Ripo" vilde sige det samme som et myret arnested med høie vægge. Dette passer jo særdeles godt paa stedet og navnet kan af lapperne være opfattet paa den maade – selv om den fossende elv er den der har foranlediget navnet af nordmændene.

Om Gn. 24 Kilhavn er en feil udtale indkommen idet udt. "Kilbohamn" kun benyttes om stedet af samme navn, en af brugene af gn. 9. Stensland.

Om gn. 32 Sperstad har jeg hørt forklare at navnet kom af "sperris" (nu spergarn) tidligere brugt tynde riskviste til at binde sammen rundfisk til ophængning. Dette er vistnok lidet sandsynligt – og heller en misforstaaelse af navnet – siden navnet forekommer paa steder hvor man intet brug eller kjendskab har haft til saadant "sperris".

Gn. 39 hedder Strømdal, navnet Strømsnes kjendes ikke i bygden – maa være indkommen i matrikkelforlignelsen og er feil. Det udtales heller ikke Strømsnes som anført – Navnet kjendes idetheletaget ikke. Gn. 52 Blok ser jeg i 1567 skriven Blotth. Det skulde ikke være saa særdeles utenkeligt at den styrtbratte fjeldside der udefra leden fremtræder fremforalle andre steder og med sin særdeles blaagtige farve har haft sin indflydelse paa navnet –

Gn. 62 Esvik, tror jeg slet ikke kan komme af eid thi der er jo aldeles intet eide ved gaarden. Eidet er beliggende 1/2 mil indenfor, ved Tjong – Ang (gn. 60 Rødø, 14 Melø.) Af esja (bergart) kan det heller ikke komme da denne ikke findes paa stedet. Navnet udtales heller ikke som gn. 27 Melø idet navnet i Rødø udtales ass– uden den slæbende æ i 27. Men at det skulde komme af eid er i hvert fald utænkelig for lokalkjendte folk.

Og at gn. 68 Tølløken har en slags forbindelse med tiur og leik (leg) er jeg bleven mere bestyrket i ved et besøg paa stedet. Der har her været en betydelig furruskov rundt den store Tolløkmyr – Helt fra Sleipnes gn. 66 har det strakt sig furruskov indover til Tjong. – Den er nu paa det nærmeste udryddet.

Gn. 72 Gjesøen kan vistnok ogsaa tænkes at have sin oprindelse af gjæs flert. af gaas, idet denne fugl hækker i betydeligt større antal dersteds end paa noget andet sted i omegnen. Det forsvundne navn Hestviken er vistnok Hestviken paa Rødø, der viser flere hustomter og andre spor af bebyggelse som potteskaar, kridtpiberør m.m. der findes i stranden ved udløbet af en bæk. Stedet er nu kun brugt som havnegang.

Til endel øvrige navne i amtet skulde jeg have lyst til engang senere at komme tilbage om anledning gaves –

Ærbødigst
Edv. J. Havnø

FRA REVKROKEN TIL MYRKROKEN. NAVN I BERGEN[1]

Noen av de gamle tyske og nederlandske slektsnavnene i Bergen tilsvarer våre sen–navn. Andre kommer fra stedsnavn, yrkesnavn og kallenavn. Friele tilsvarer Fredriksen, Fleischer var kjøtthandlere, Mowinckel betyr 'myrkroken' og Holst'ene kom fra Holstein. Mange av navnebærerne kom på 1700–tallet som følge av dårlige tider i Europa, men noen hadde kommet før med hansaen.

Våre norske sen–navn blir først til ved oppkalling etter en far, dernest har navnene blitt ført videre til nye generasjoner. I noen land har en brukt farens navn uten ending, eller de har føyd til en s eller en annen endelse. Ofte har vi å gjøre med kortformer og kjæleformer av fornavnene, som f.eks. det tyske Friele. Eksempler på slike tyske navn i Bergen er:

– Friele, av Fredrik
– Gade, av bl.a. Godtschalk
– Irgens, av Jørgen
– Kahrs, av fornavnet Macarios
– Martens, av Martin
– Mohn, av Monrad; ifølge slektstradisjonen: etter øya Mohn i Østersjøen
– Reimers, av Regin (som i Reinhart) og mar (som i Hilmar);
– Rieber, kanskje av fornavnet Rikbert, eller av fjærribber
– Warncke, av Werner
– Wessel, av Werner og forminskingsledd med l
– Wiers, av Wiric, Wig+rik

[1]En lett omarbeidd versjon av en artikkel som stod i *Bergens Tidende* 6.11.1999. De viktigste kildene er tyske oppslagsbøker om familienavn.

Yrkesbetegnelser har blitt tatt i bruk først som tilnavn og dernest som etternavn i mange land. Denne måten å lage etternavn på er lite brukt i Norge. Eksempler på tyske navn vi kjenner:
- Dreyer, dreier
- Flottmann, fløter eller flåtefører
- Fleischer, kjøtthandler
- Formann, vognfører
- Kramer, kremmer
- Meltzer, en som lager malt
- Møller, Müller, møller
- Roggen, rugbonde, –brygger eller –baker
- Ræmisch, skraphandler
- Schiøtz, skytter
- Schmidt, smed
- Schrøder og Schneider, skredder
- Schult, Schulte og Schultz, leder for byforsamlingen
- Vedeler, felespiller eller musiker
- Wegner, vognmaker

Som hos oss, har både tyskere og nederlendere tatt i bruk stedsnavn som etternavn. De beskriver ofte naturforholda. Eksempler:
- Bøhmer, bomvakt
- Bøschen, busker, skog
- von Erpecom, Erpingenes (dvs. etterkommerne til Erpa) hjem, belgisk stedsnavn; Erpa er fornavn
- von der Fehr, ved fergen
- Fosswinckel, rev(e)kroken, tysk *Fuchs* (nedertysk *vos*) = rev
- Geelmuyden, munningen i ei elv som kan ha hett Gene, nederlandsk
- Konow, hestegården
- von der Lippe, av elvenavn
- Lexow, av Alexander + eiendom
- Lindtner, lindetrær, Holland
- Kroepelien, Mecklenburg
- von Tangen, gård i Oldenburg
- Thormøhlen, dvs. fra møllen; opphavet til Møhlenpris
- Prom, tysk stedsnavn
- Voss, ofte uttalt med f, liksom i nedertysk og nederlandsk *vos* 'rev'; ulikt Voss i Norge

Flere navn for fuktig landskap:
- Lehmkuhl, leiregrop
- Mowinckel, myrkroken
- von der Ohe, fuktig landskap
- Wesenberg, fuktig landskap + berg

Navn kan ha oppstått av kallenavn:
– Blaauw, blå; fra Holland
– Fasmer og Fasting, fast, standhaftig
– Stoltz, stolt
– Voss, 'rev', se ovenfor, dvs. lur eller rødhåret

Noen innflytternavn:
– Beyer, fra Bayern
– Friis, fra Frisland (i Nederland)
– Holst, fra Holstein
– Westphal, fra Westfalen
– Neumann, nykommer

Pilegrimsfarere:
– Jordan, etter elva Jordan
– Rømer, Roma–farer

Men hva med Herwitz – kjent som et "erke–bergensk" navn pga. Hans Wiers–Jenssens populære bergenske lystspill Jan Herwitz? Et påfunn av forfatteren, ser det ut til. En Herwitz i USA forteller at hans familie fikk navnet pga. feil–skriving da de immigrerte.

Ivar Utne
Bergen

SEBUSKA – FRA MURMANKYSTEN TIL DØPEFONTEN

I de 25 år jeg har samlet avstikkende fornavn fra nordnorske aviser – først og fremst *Nordlys* – har ord av mange typer dukket opp: opprinnelige efternavn (*Jentoft, Lindberg, Sverdrup, Koldevin* osv.), latiniserte former (*Gustavinius, Jørginius, Hansinius* osv.), uvanlige feminadannelser av mannsnavn (*Gott–lieben, Bertelie, Gunnarine* osv.) og efternavn (*Melanda, Lilanda* – vel via efternavn brukt som mannsnavn), navn man mistenker for å være "loddet sammen" av deler av to normale navn (*Nilgust, Kårbert, Leofred* osv.), navn man har vondt for å skjønne noen har gitt et lite barn (*Oldus, Oldine*), navn som er utvidelser av velkjente navn med en eller to bokstaver (*Hedvart, Olaie, Sedith* osv.) – og navn giveren neppe har kjent betydningen av (*Analius, Ingnora, Malise*). Typelisten kan raffineres og forlenges, men ganske sikkert vil man bestandig stå igjen med en rest av navn man ikke kommer videre med: *Nekim, Freidian, Ival* – og *Sebuska.*

Hva gjør man med slike navn? Er man heldig, treffer man noen som kjenner omstendighetene omkring navngivningen; men siden de aller fleste av mine funn stammer fra dødsannonser, er sjansen særdeles liten. Dog kan

lykken være bedre enn forstanden, slik tilfellet var med meg og *Sebuska*. Dette navnet dukket først opp i 1987, og i 1999 kom det igjen (efter alt å dømme dreier det seg om kun én bærer). I mellomtiden hadde løsningen dumpet meg i hende i form av en bok som intet har med personnavn å gjøre: Laila og Thor Thorsens "Russland via Vardø" (Skutvik 1991), hvor det på for– og baksats–bladene er trykt kart over Fiskerhalvøya med henholdsvis norske og russiske navn. Og der, omtrent midt på nordkysten, dukker sannelig *Sebuska* opp! Etymologien må være russisk, for stedet heter på det sproget *Zubovka* (av *zub* = 'tann'); den siste s–en i den norske formen kan forklares ut fra en adjektiv–form *zubovskaja*.

Kartet forklarer noe, men stiller samtidig et nytt spørsmål: Hvordan i all verden er dette stedsnavnet blitt et norsk pikenavn?

Erik Egeberg
Tromsø

FÖRNAMN ELLER INITIAL?

Under rubriken "Namnevern for fornamn" kritiserar Tor Falch i *Nytt om namn* 29 (1999) s. 38 f. det alltmer utbredda bruket av initial(er) i stället för förnamn i litteraturförteckningar i arbeten på nordiska språk. Falchs kritik riktar sig mot arbeten på norska, men den träffar i lika mån verk på danska och svenska. "Også namnegranskarar gjer det, til og med fornamngranskarar."

Falchs kritik är i högsta grad berättigad. Det är ett oskick att på detta sätt apa efter en anglosaxisk sed, som möjligen kan vara praktisk i samhällen, där namnskicket präglas av ovanligare efternamn och av förnamn + initial. I sådana sammanhang kan en kombination av efternamn + initialer ofta räcka till för identifiera en person. Däremot ger efternamn som *Andersson*, *Hansson*, *Johansson*, *Jørgensen*, *Karlsson*, *Larsen*, *Nyman*, *Schmidt*, *Svahn* (för att ta några exempel ur Nordiskt namnforskarregister 1996) + en initial inte nämn–värd ledning.

Engelskans inflytande på andra språk är i dag obestridligt, men vi behöver därför inte – för principens skull – ta efter allt, åtminstone inte sådant som är rent opraktiskt för nordiska förhållanden.

Thorsten Andersson
Uppsala

MINNEORD

KNUT BERGSLAND

Professor Knut Bergsland døde 9. juli 1998. Bergsland var født i 1914 på Ullern i Oslo, men kom til å arbeide med språk som lå langt borte fra Oslo vestkant, bl.a. samisk. I 1947 ble han Konrad Nielsens etterfølger som professor i finsk–ugriske språk ved Universitetet i Oslo. Han hørte til den gruppen av moderne lingvister som satte sitt preg på det meste av språk–forskningen her i landet i etterkrigstiden. Innenfor faget finsk–ugriske språk var det særlig de sørsamiske dialektene han arbeidet med, og han skrev sin doktoravhandling om Røros–samisk. Han studerte også eskimoisk og språket på Aleutene, som er beslektet med eskimoisk.

Da Konrad Nielsen døde i 1953, ble Bergsland navnekonsulent for samiske navn. Inntil 1971 tok han seg av alle samiske navnesaker, men fra dette året overtok Thor Frette som konsulent for nordsamisk, mens Bergsland fortsatte som konsulent for sørsamisk til 1991. Han var dessuten medlem av Rådet for Norsk stadnamnarkiv til 1978, da arkivet ble et vanlig universitets–institutt.

Arbeidet som navnekonsulent var først og fremst et pliktarbeid som måtte gjøres, men konsulentene for samisk hadde i alle fall den fordelen framfor konsulentene for norske navn at det ikke var så mange som kritiserte av–gjørelsene.

Bergsland var ikke bare sterkt engasjert i den vitenskapelige utforskning av samisk, han var også brennende opptatt av samenes rettigheter. Han var sterkt kritisk til det fornorskingsarbeidet som norske myndigheter hadde drevet og til dels stadig drev med overfor samene, og han var opptatt av spor av gjensidig påvirkning mellom samisk (og finsk) og germansk språk i Norden slik det kom til uttrykk i lånord og ikke minst i stedsnavn.

I 1960 utgav norrønfilologen Magnus Olsen en avhandling om Hárbarðs–ljóð i *Edda– og skaldekvad. Forarbeider til kommentar,* bind 1. Der hevdet han at når dikteren i str. 56 lar Hårbard si til Tor, som han har nektet båtskyss over fjorden, at han får gå videre, "først til stokken og så til steinen", betyr det at Tor først skal gå langs fjorden helt inn til fjordbotnen, og så over elva der på en stokk og deretter følge fjorden utover til steinen der Hårbard står. Det er en morsom tolkning, men det kan ikke bevises at det er nettopp dette dikteren har ment. Bergsland tar opp ideen i artikkelen "Hárbarðsljóð sett fra øst" (*Maal og Minne* 1967 s. 8–40) og tenker seg at krangelen foregår et sted på grensen mellom "Finnemarkene" og Jemtland. Gösta Holm, som viste seg å være krabbekjent nettopp på de stedene Bergsland tenkte på, var ikke på noen måte villig til å godta den nye teorien.

Betydelig viktigere er en rekke artikler i (norsk) *Historisk tidsskrift* ("Om middelalderens finnemarker", 1970, og "Synsvinkler i samisk historie", 1974) og andre steder, om samer i skogsområder sør for "Finnemarkene" i

middelalderen og tidligere. Han kritiserte eldre norske historikere som hadde hevdet at samene først slo seg ned i disse områdene i nyere tid, og hevdet at de litt for lett godtok påstander fra bøndene om at samene var nykommere. Han ble imøtegått av historikere, særlig Jørn Sandnes, som bl.a. pekte på at samtidskilder fra middelalderen ikke omtaler samer i disse sørligere områdene. Diskusjonen ble avsluttet med en oppsummering av Helge Salvesen og Nils Hallan i *Historisk tidsskrift* 1977 "Kritiske, prinsipielle og programmatiske bemerkninger til sørsamenes eldste historie", der forfatterne understreker hvor dårlig bevendt det er med samtidskilder fra eldre tider, særlig fra før 1350, i de områdene det er tale om, og hvor lett det er for en minoritet å bli "usynliggjort" av et dominerende flertall.

Bergsland var sterkt engasjert i denne saken, og arbeidet med spørsmålet om samenes rettigheter i fjell- og skogsområdene i grensetraktene også på andre måter. Han utnyttet materiale fra mange slags kilder, og det er ikke alltid lett å vurdere betydningen av de forskjellige opplysningene han legger fram. Men selv om opplysningene om samer sør for "Finnemarkene" i gammelnorsk tid er få, og selv om Ågrips fortelling om Harald Hårfagre og finnejenta Snjófríðr er et sagn, er det i alle fall merkelig at de to østlandske kristenrettene, og bare de, har det sterke forbudet mot å fare til finnene. For en utenforstående er det ikke lett å begripe at et nomadefolk ikke skulle ha kunnet ferdes i fjell og skog i Sør–Norge i middelalderen og enda eldre tid.

Bergsland visste at skrevne kilder til samenes eldre historie er få og skapt av de fastboende, ikke av samene selv. Han har kanskje ikke alltid bevist at samenes rettigheter er oversett og krenket, men han har pekt på mange svakheter i argumentene fra de norske historikere i siste del av forrige århundre som mente at samene først slo seg til i Sør–Norge i den tiden da administrasjonen ble mer effektiv og arkiverte sine opplysninger på en skikkelig måte.

Eyvind Fjeld Halvorsen
Bærum

JOHN KOUSGÅRD SØRENSEN

Den danske namnegranskaren John Kousgård Sørensen døydde 10. januar 1999. Med hans bortgang har nordiske namnegranskarar mist ein av sine mest verdsette fagfellar. Kousgård Sørensen vart engasjert ved Stednavneudvalgets kontor i København i 1951, seinare Institut for Navneforskning, og har i mange år vore professor ved denne institusjonen. Han disputerte på ei avhandling om bustadnamn på *-sted*. Mellom dei mange tilskota hans til namnegranskinga kan nemnast den åtte bind store serien *Danske sø- og ånavne,* tobindsverket *Patronymer i Danmark* og læreverket *Stednavneforskning* 1–2 (saman med Vibeke Christensen/Dalberg). Ein nærare omtale av mannen og verket gjev Vibeke Dalberg i *Namn och bygd* 87 (1999).

BH

BOKMELDING

HEIDERSSKRIFT TIL ODDVAR NES

Akselberg, Gunnstein og Jarle Bondevik (red.): *Ord etter ord. Heidersskrift til Oddvar Nes.* Norsk Bokreidingslag, Bergen 1998. 280 sider

Ord etter ord er tittelen på eit heidersskrift til professor Oddvar Nes ved Universitetet i Bergen, som var seksti år 27. desember 1998. Nes skulle vere velkjend for lesarane av *Nytt om namn*; han har i ei årrekkje vore ein sentral person innanfor norsk namnegransking og –normering, m.a. som namnekonsulent for Vestlandet. Men han har og vore – og er – verksam på andre felt innanfor norsk språkvitskap, som etymologi og målførekunnskap.

Heidersskriftet blir innleidd med ein artikkel om jubilanten av Gunnstein Akselberg, og deretter følgjer 23 artiklar om ulike språklege emne frå kollegaer av Nes – dei fordeler seg stort sett på dei fagfelta der han har vore aktiv. Å gå inn på dei ulike artiklane vil føre for langt her, men vi skal nemne dei som har namnefagleg innhald.

Thorsten Andersson drøftar opphavet til namnet *Hedmark* (norr. *Heiðmǫrk)* og folkenamnet norr. *heinir*. Arnold Dalen tek for seg stadnamnet *Illkallen* i Jämtland, mens Eli J. Ellingsve drøftar *Bjørnør* på Fosenhalvøya. Jon Erik Hagen tek opp spørsmålet om *proprium* skal reknast som ein grammatisk kategori i norsk. To artiklar handlar om normeringa av namn: Peter Hallaråker tek utgangspunkt i namnematerialet i Ivar Aasens *Ervingen*, mens Botolv Helleland gir ei historisk og aktuell framstilling av dialektsynet i norsk stadnamnnormering. Ole Jørgen Johannessen går utanfor allfarveg når han legg fram ein analyse av bergenske *skipsnamn* i etterkrigstida. Gudlaug Nedrelid tek opp tilhøvet mellom offisielle og uoffisielle namneskikkar i Jostedal – eit emne som kunne fortene ei grundigare behandling for andre landsdelar og bygder og. Egil Pettersen drøftar formene for presentasjon av personar i Munkelivs brevbok (1427), altså kva slags tillegg til fornamnet som vart brukte (farsnamn, gardsnamn, yrkesnemning, rangtittel osv.). Rudolf Simek går enda lenger attende i tida i sin vesle studie av namn på offerplassar frå jarnalderen i Skandinavia. Ola Stemshaug drøftar tilhøvet mellom elvenamnet *Gaula* og fargeadjektivet *gul*. Inge Særheim går og tilbake i historia i drøftinga av den hanseatiske handelsstaden *Notau* på sørvestlandskysten. Verken opphavet til namnet eller lokaliseringa av staden er sikre, og det er eit typisk tverrfagleg prosjekt å finne ut av det.

Eg gjengir ikkje konklusjonane til nokon av desse, for dei kan folk lese om i boka. Heidersskriftet inneheld elles mye for alle som er interesserte i ord og språk, og er med dette tilrådd lesnad.

LSV

OMTALE AV HOVUDOPPGÅVE

NAMNESKIFTET KRISTIANIA – OSLO

Åse Wetås: *Namneskiftet Kristiania – Oslo.* Oslo 1999

Hovudoppgåva til Åse Wetås frå Universitetet i Oslo våren 1999 tek føre seg namneskiftet frå Kristiania til Oslo frå 1. januar 1925. Bynamn må etter kommuneloven av 1921 vedtakast med lov, og etter at vedkommande bystyre har uttalt seg. Det var Høgre–regjeringa som fekk vedteke dette i von om å stoppe Venstre–regjeringane si oppnorsking og avdansking av namneverket. Derfor finst det lange og omfattande stortingsdebattar om namneskifta til Oslo 1925, Halden 1927 og Nidaros 1930. Med "tilbakefallet" til kompromisset Trondheim i 1931 stoppa denne oppnorskinga – eller "gjendøperiet", som motstandarane kalla det – heilt opp. Men ein tredjedel av dei noko over 60 bynamna burde byte namn ifølgje innstillinga frå Falk og Hægstad 1918.

Oslo var først ute, og Åse Wetås tek først opp det faktum at i ettertid har dette namneskiftet blitt presentert som uproblematisk og utan motstand. At det ikkje er tilfelle, dokumenterer Wetås til fulle. Ho gjev eit faghistorisk oversyn over tolkingar av namna *Oslo* og *Kristiania*. Særleg tolkinga av namnet Oslo har det stått fagleg strid om. Wetås systematiserer dei ulike tolkingane og gjev eit overtydande svar på kva tolking som har mest for seg. Vonleg vil denne hovudoppgåva bli gjeven ut, så eg skal ikkje øydelegge spenninga på dette punktet.

I motsetning til tidlegare granskingar av Oslo–namnet tek Wetås folkeetymologien på alvor i kapittel 7: "Namnet Oslo. Folke–etymologiske tolkingar, assosiativt innhald og uønskt homonymi." Det kapitlet banar veg for det etter mitt syn mest interessante kapitlet i avhandlinga: "Namn og estetikk". Wetås nyttar Bourdieu og delvis Adorno sine teoriar om estetikk på striden om Oslo–namnet, men ho lagar òg sjølv eit teoretisk byggverk som kan nyttast i studiar av namnestridar generelt. Wetås dokumenterer kor viktig estetikken er i desse stridane og kor avgjerande han kan vere.

I kapitla om namneskiftet og nasjonalistisk ideologi og samtidige politiske stridstema set Wetås striden om Oslo–namnet i eit større språkhistorisk perspektiv der ho konkluderer med at 1920–åra var ein epoke der språkstriden langt ifrå var på noko lågbluss. Ho sluttar seg til Ernst Håkon Jahr sine vurderingar av dette tiåret. Wetås legg vekt på at stadnamna kan ha ein emotiv og ein politisk/ideologisk funksjon. Namneskiftet var ein symbolkamp som avdekte djuptgåande konfliktar mellom motstridande kulturhaldningar mellom grupper av nordmenn. Lovvedtaket om Oslo blei derfor tolka som ein viktig delsiger for norskdomsrørsla over bykulturen. Det var ein siger for nasjonsbyggarane, og Wetås viser til slutt litt om korleis striden om Oslonamnet blei eit mønster for namnestridane om Halden, Fosna og Nidaros. I Oslo og Halden blei det ikkje halde folkerøysting om namneskiftet, men svært

mykje tyder på at det var stor motstand mot namneskifta. Då turen kom til Nidaros, bestemte kommunesyret seg derimot for å halde folkerøysting. Resultatet blei 92% for å halde på *Trondhjem*. Likevel vedtok Stortinget Nidaros–namnet. Men dermed blei den namnestriden like mykje ein strid om demokrati som ein strid om namn.

Wetås si avhandling er skriven med eit solid grep på onomastisk og språkhistorisk teori og tilførerer desse fagområda uvanleg mykje nytt.

Roger Lockertsen
Stavanger

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI

Redaksjonen legg vekt på å vera romslig når det gjeld kva for publikasjonar som blir oppført i *Norsk namnebibliografi*. I utgangspunktet vil det vere aktuelt å føre opp publikasjonar som er i samsvar med eitt eller fleire av desse kriteria:

– Emnet gjeld Noreg
– Forfattaren bur i Noreg
– Publikasjonen er utgjeven i Noreg

Redaksjonen har oppmoda lesarane til å sende inn opplysningar om namnestoff frå mindre utbreidde publikasjonar, t.d. lokalhistoriske årbøker – jf. "Tips om namneartiklar i mindre utbreidde publikasjonar" i førre nummer av *Nytt om namn*. Men det er berre éin, Nils–Aksel Mjøs, som har følgd denne oppmodinga. Vi vonar at vi neste gong kan rose fleire som har gjevi oss slike opplysningar.

Ein del av artikkeltitlane i denne namnebibliografien er henta frå den litteraturkrøniken som *Namn och bygd* presenterer kvart år. Krøniken for Noreg (1998) er skriven av Gunnstein Akselberg og Åse Kari Hansen. Takk til dei for tilgang til denne krøniken lenge før han skulle trykkas! Botolv Helleland har stilt til rådvelde eit oversyn over publikasjonar utgjevne i 1998 ved Seksjon for namnegransking, Universitetet i Oslo. Dette har vori til stor hjelp under utarbeiding av bibliografien. Endelig skal Lars S. Vikør ha takk for ein siste kontroll av bibliografien.

Ein del publikasjonar er ført opp under *1997 – TILLEGG* (sjå lenger ut). Dette gjeld fyrst og fremst publikasjonar som har fått trykkeår 1997, men som har kommi ut atskillig seinare. Det var derfor ikkje mulig å få dei med i den førre bibliografien.

Gulbrand Alhaug
Tromsø

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 1998

Akselberg, Gunnstein: Street Names: Norms and Forms. I: Nicolaisen (red.), bind 2, s. 3–8.

Akselberg, Gunnstein: "... den gamla og so den nya tid ..." I: *Nytt om namn* 28, s. 2–3.

Akselberg, Gunnstein: Kven eig stadnamna? I: *Nytt om namn* 27, s. 2–3.

Akselberg, Gunnstein: Oddvar Nes. I: Akselberg og Bondevik (red.), s. 7–10.

Akselberg, Gunnstein: [Omtale av] Tove Emmy Herwig Selland: *Gardsnamn på –stad i Rogaland og Hordaland. Person– eller naturnamn i utmerkings–lekken? Forsøk på ei forskingshistorisk oversikt.* Hovudoppgåve, Bergen 1998. I: *Nytt om namn* 27, s. 41.

Akselberg, Gunnstein: Norsk namnelag. I: *Ord om ord* 4, s. 84–85.

Akselberg, Gunnstein og Jarle Bondevik (red.): *Ord etter ord. Heidersskrift til Oddvar Nes.* Bergen, 280 sider.

Akselberg, Gunnstein og Gulbrand Alhaug: Nordisk namnforskning 1996. Norge. I: *Namn och bygd* 86, s. 134–144 (= NORNA–rapporter 66).

Alhaug, Gulbrand: Name, Status and Gender: On the Use of Initial Letter instead of Full First Name in Norway in the 19th Century. I: Nicolaisen (red.), bind 3, s. 3–10.

Alhaug, Gulbrand: Norsk namnebibliografi [1997 + tillegg 1996]. I: *Nytt om namn* 28, s. 45–52.

A[lhaug], G[ulbrand]: Namn på militærøvingar. I: *Nytt om namn* 27, s. 31–33.

A[lhaug], G[ulbrand]: Namnebok med interessante statistiske opplysningar. [Omtale av] Jan Erik Kristiansen og Jørgen Ouren: *Fornavn i Norge. Navnemoter og motenavn.* Oslo 1998. I: *Nytt om namn* 28, s. 38–40.

A[lhaug], G[ulbrand]: Nyutgåve av Aasens namnebok. [Omtale av] Ivar Aasen: *Norsk Navnebog.* (Skrifter frå Ivar Aasen–instituttet 3.) Ved Kristoffer Kruken og Terje Aarset. Volda 1997. I: *Nytt om namn* 27, s. 33–34.

A[lhaug], G[ulbrand]: Namnelitteratur – til sals pr. 1.6.98. I: *Nytt om namn* 27, s. 43–48.

Andersson, Thorsten: Heiðmørk – heinir. Ett diskussionsbidrag. I: Akselberg og Bondevik (red.), s. 31–44.

Bakken, Kristin: *Leksikalisering av sammensetninger. En studie av leksika–liseringsprosessen belyst ved et gammelnorsk diplommateriale fra 1300–tallet.* (Doktoravhandling. Acta Humaniora 38.) Oslo, 319 sider.

Bakken, Kristin, Jan Terje Faarlund og Lena Peterson: [Doktordisputas ved Universitetet i Oslo om ovannemnde avhandling.] I: *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 16, s. 63–98.

Bakken, Kristin: Forholdet mellom norsk navnegransking og språkviten–skapen. I: *Maal og Minne*, s. 67–83.

Bakken, Kristin: *Markatur* til *Liastua*. Om sammensetninger som har navn i bestemt form som førsteledd. I: Ruth Vatvedt Fjeld og Boye Wangensteen

(red.): *Normer og regler. Festskrift til Dag Gundersen 15. januar 1998.* Nordisk forening for leksikografi. Oslo, s. 198–212.
Bakken, Kristin: Om *Langlim* – navn og sted. I: Helleland (red.), s. 17–39.
Birkeland, Gunhild: Nokre normeringsproblem i Tinn. I: Helleland (red.), s. 44–50.
Brigde av heradsnamn: *Vik* til *Sømna*, *Brønnøy* til *Harm*, *Kvæfjord* til *Kvefjord*. [Fråsegner frå namnekonsulentane Gustav Indrebø og Alf Sommerfelt til Kyrkje– og undervisningsdepartementet 1938 og 1939.] I: *Nytt om namn* 28, s. 26–27.
Cox, Richard A.V.: Old Norse *berg* in Hebridean Place–Nomenclature. I: Nicolaisen (red.), bind 2, s. 59–65.
Cox, Richard A.V.: [Omtale av] Magdalena Lechna: *Toponymy in Scotland. An Evidence for Norse–Celtic Linguistic Coexistence*. Hovudoppgåve, Oslo 1997. I: *Nytt om namn* 28, s. 43–44.
Dalen, Arnold: *Illkallen*. Kommentar til eit stadnamn i Oviken i Jämtland. I: Akselberg og Bondevik (red.), s. 88–91.
Dube, Karren: Namngjeving i ndebele–samfunnet. I: *Nytt om namn* 28, s. 33–36.
Ellingsve, Eli Johanne: Naming the Unseen: Theoretical Problems and Pragmatic Solutions concerning the Naming of Norwegian Oil and Gas Fields in The North Sea. I: Nicolaisen (red.), bind 2, s. 90–96.
Ellingsve, Eli Johanne: Vegen til Bjørnør. I: Akselberg og Bondevik (red.), s. 105–114.
Elmevik, Lennart: Lærdal. I: *Namn och bygd* 86, s. 31–39.
Eskeland, Tuula: Skrivemåten av finske stedsnavn på Finnskogene. I: *Namn og Nemne* 15, s. 45–60.
Farbregd, Turid: Estiske namn. I: *Nytt om namn* 28, s. 28.
Flokenes, Kåre: Askvoll. Namn og stader. Stadnamn som kulturminne. I: *Namn og Nemne* 15, s. 37–44.
Fridell, Staffan: [Melding av] Kristoffer Kruken (red.): *Den ellevte nordiske navnekongressen. Sundvollen 19.–23. juni 1994*. Uppsala 1996. (NORNA–rapporter 60.) I: *Namn och bygd* 86, s. 158–161.
Hagen, Jon Erik: Litt om proprium som grammatisk kategori i norsk. I: Akselberg og Bondevik (red.), s. 115–123.
Hallaråker, Peter: Names and Ethnicity: The Triple Identity of the Norwegian Americans Indicated by their Choice and Spelling of Surnames and Place Names. I: Nicolaisen (red.), bind 2, s. 152–162.
Hallaråker, Peter: Personnamn og stadnamn i Ervingen (1855). Namneval og skriftnormering. I: Akselberg og Bondevik (red.), s. 124–136.
Hallaråker, Peter: Eigedomsretten til stadnamn i juridisk lys. I: *Nytt om namn* 27, s. 16–19.
Hallaråker, Peter: Kjem namn på statlege bygningar inn under stadnamnlova? I: *Nytt om namn* 28, s. 15–20.

Hallberg, Göran: [Melding av] Kristin Bakken (red.): *Den 8. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1996*. Oslo 1997. I: *Namn och bygd* 86, s. 176–178.

Hallberg, Göran: [Melding av] Kristoffer Kruken (red.): *Den ellevte nordiske navnekongressen. Sundvollen 19.–23. juni 1994*. (NORNA–rapporter 60.) Uppsala 1996. I: *Namn og Nemne* 15, s. 105–108.

Hansen, Åse Kari: Noms de lieu normands d'origine scandinave: Quelles dimensions et perspectives offre l'étude des noms de lieu dans le domaine plurilinguistique? I: Nicolaisen (red.), bind 2, s. 163–168.

Hansen, Åse Kari: [Melding av] Lucien Musset: *Nordica et Normannica. Recueil d'études sur la Scandinavie ancienne et médiévale, les expéditions des Vikings et la fondation de la Normandie*. (Studia Nordica 1.) Paris 1997. I: *Namn och bygd* 86, s. 173–176.

Harsson, Margit: Om *Des–* i *Desarud*. I: Helleland (red.), s. 51–61.

Harsson, Margit: Dokumentasjonsprosjektet i bokform. [Omtale av] Knut Aukrust og Bjarne Hodne (red.): *Fra skuff til skjerm. Om universitetenes databaser for språk og kultur*. Oslo 1998. I: *Nytt om namn* 27, s. 36.

Harsson, Margit: Røssholmen. I: *Ringerikes Blad* 28.4.

Harsson, Margit: Røss– eller Røs–? I: *Ringerikes Blad* 8.5.

Harsson, Margit: [Melding av] Andreas Bjørkum, Botolv Helleland, Eric Papazian og Lars S. Vikør (red.): *Kjell Venås: Målvitskap og målrøkt. Festskrift til 70–årsdagen 30. november 1997*. Oslo 1997. I: *Namn og Nemne* 15, s. 118–121.

Haslum, Vidar: Stedsnavn fra en bondegård ved sjøen. Ellingsvika i Telemark fylke, ved grensen til Aust–Agder. [Bergen.] 24 sider.

Haslum, Vidar: Bustadnamna på hovudkartserien. I: *Nytt om namn* 27, s. 22–27.

Haslum, Vidar: Mellom språkvitenskap og kartografi. Noen problemstillinger og avveininger knyttet til kartografisk navnebehandling. I: *Namn og Nemne* 15, s. 75–92.

Helleland, Botolv: Place–Names, a Source Used in the Study of Religious Activity in pre–Christian Society: Some Methodological Aspects. I: Nicolaisen (red.), bind 2, s. 169–175.

Helleland, Botolv: Onomastics in Norway – main achievements September 1997 – September 1998. I: Michael F. McGoff (red.): *Ehrensperger Report. American Name Society*. Binghamton, New York, s. 14–16.

Helleland, Botolv: Saltheller eller Salthella? Ein merknad til eit stadnamn i Kinsarvik. I: *Namn og Nemne* 15, s. 33–36.

Helleland, Botolv: Stadnamn. I: Knut Aukrust og Bjarne Hodne (red.): *Fra skuff til skjerm. Om universitetenes databaser for språk og kultur*. Oslo, s. 143–156.

Helleland, Botolv: Dialektsynet i norsk stadnamnnormering. I: Akselberg og Bondevik (red.), s. 147–162.

Helleland, Botolv: Hardangerviddas namnelandskap. I: Per Roger Lauritzen (red.): *Veiviser til Vidda. Fjell og Vidde* 8, s. 116–121.
Helleland, Botolv: Kvar ligg ansvaret for grunnlagsmaterialet ved stadnamn–normering? I: *Nytt om namn* 28, s. 20–22.
Helleland, Botolv: Gardermoen – eit bra namn. I: *Dagbladet* 28.9.
Helleland, Botolv: Bislett og andre imperativ. I: *Markus Menighetsblad* 4, s. 4.
Helleland, Botolv: Markus, Petrus og Trefoldighet. Namn på kyrkjelydar i Oslo. I: *Markus Menighetsblad* 5, s. 6–7.
Helleland, Botolv: *Onoma* – oversyn over tidsskrift om namn. I: *Nytt om namn* 28, s. 8–10.
Helleland, Botolv: Ånd – individ – namn. Kommentar og synspunkt. I: Thorsten Andersson, Eva Brylla och Anita Jacobson–Widding (red.): *Personnamn och social identitet. Handlingar från ett Natur och Kultur–symposium i Sigtuna 19–22 september 1996.* (Kungl. Vitterhets Historie och Antikvitets Akademien. Konferenser 42.) Uppsala, s. 383–398.
Helleland, Botolv (red.): *Seksjon for namnegransking (Avdeling for namne–gransking). Årsmelding 1997.* Oslo, 89 sider.
Helleland, Botolv: [Melding av] Lars Rumar (red.): *Helgonet i Nidaros. Olavskult och kristnande i Norden.* (Skrifter utgivna av Riksarkivet 3.) Stockholm 1997. I: *Namn och bygd* 86, s. 162–164.
Helleland, Botolv: [Melding av] Vibeke Dalberg og Bent Jørgensen (red.): *Byens navne. Stednavne i urbaniserede områder.* Rapport fra NORNAs 24. symposium i København 25.–27. april 1996. (NORNA–rapporter 64.) I: *Namn och bygd* 86, s. 154–155.
H[elleland], B[otolv]: Bør *Pil* tillatast som førenamn? I: *Nytt om namn* 27, s. 21–22.
H[elleland], B[otolv]: Etternamn – 20 på topp i Noreg, Danmark og Sverige. I: *Nytt om namn* 28, s. 12–14.
H[elleland], B[otolv]: Stadnamnbok frå Tysfjord. [Omtale av] Torbjørn Stor–jord: *Tysfjord/Divtasvuodna. Samiske og norske stadnamn.* Bodø 1998. I: *Nytt om namn* 27, s. 35.
H[elleland], B[otolv]: [Omtale av] Astrid Saksen: *Stedsnavn som kilde til bosettingshistorien i Fosnes i førreformatorisk tid.* Hovudoppgåve, Oslo 1998. I: *Nytt om namn* 27, s. 40.
Holsbøvåg, Kåre Magne: Jærmannsburet. I: *Nytt om namn* 27, s. 28.
Howell, Signe: Navn og samfunn. Kommentar og synspunkter. I: Thorsten Andersson, Eva Brylla och Anita Jacobson–Widding (red.): *Personnamn och social identitet. Handlingar från ett Natur och Kultur–symposium i Sigtuna 19–22 september 1996.* (Kungl. Vitterhets Historie och Antikvitets Akademien. Konferenser 42.) Uppsala, s. 291–297.
Johannessen, Ole–Jørgen: Systembundet navngivning i bergenske skipsnavn 1945–1998. I: Akselberg og Bondevik (red.), s. 163–178.
Korslund, Frode: Tolkningen av navnet *Oslo*. I: *Maal og Minne*, s. 61–65.

Kristiansen, Jan Erik og Jørgen Ouren: *Fornavn i Norge. Navnemoter og motenavn*. Oslo, 159 sider.

Kruken, Kristoffer: Navnedager og navnedagstradisjon. I: *Hvem Hva Hvor 1999*. Oslo, s. 238–239.

Kruken, Kristoffer: Navnedager og navnedagstradisjon. I: Kjell M. Paulssen (red.): *Hva skal barnet hete?* 9. utg. Oslo, s. 11–14.

Kruken, Kristoffer: *Norsk Navnebog* (1878) og namneskikken i Nord–Trøndelag. I: *Nord–Trøndelag historielag. Årbok for 1998*, s. 47–59.

Kruken, Kristoffer: [Melding av] Hermann Pálsson: Hrímfaxi. Hestanöfn frá fyrri tíð til vorra daga og litir íslenska hestsins. I: *Namn og Nemne* 15, s. 121–122.

Kruken, Kristoffer: [Omtale av] Vigdis Winge: *Personnavn i middelalder–ballader*. Hovudoppgåve, Oslo 1998. I: *Nytt om namn* 28, s. 42–43.

Kruse, Arne: Sjønamn på médfjella. I: *Namn og Nemne* 15, s. 21–31.

Larsen, Terje: Klagenemnda for stadnamnsaker. I: *Nytt om namn* 27, s. 8–16.

Larsen, Terje: Stadnamnnormering – ein kime til konfliktar. I: *Språknytt* 3, s. 8–11.

Leira, Vigleik: *Jemen* eller *Yemen* – åssen skriver vi utenlandske geografiske navn? I: *Språknytt* 2, s. 18–22.

Lockertsen, Roger: *Gerhard Schøning om bynamna Nidaros og Throndhiem. Eit handskrift frå ca. 1760*. Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab. Skrifter 1 – 1998. Trondheim, 41 sider.

Mawema, Moreblessings Busi: Namna som shona–folket gir borna sine. I: *Nytt om namn* 28, s. 29–33.

Myhren, Magne: *Hein*, *Krekkja*, *Sundre* og appellativet *heilhæ*. I: *Nytt om namn* 27, s. 29–31.

Myrvang, Finn: Lofoten og det samiske. I: *Namn og Nemne* 15, s. 61–74.

Myrvang, Finn: Øynamnet Ylfi. I: *Håløygminne* 79, s. 122–128.

Myrvang, Finn: Striden om Møysalen. I: *Nytt om namn* 28, s. 36–37.

Namn og Nemne. Tidsskrift for norsk namnegransking. Red. Gunnstein Akselberg og Oddvar Nes. Årgang 15. 125 sider.

Nedrelid, Gudlaug: "*Ender og daa ein Aslaksen eller Bragestad" – Etter–namnsskikken på Sør– og Vestlandet. Studiar i folketeljingsmaterialet frå 1801*. Band 1 og 2. Kristiansand, 361 + 314 sider.

Nedrelid, Gudlaug: Å «kallast» noko og «skriva seg for» eitkvart anna. Om uoffisiell namnebruk i Jostedal, indre Sogn. I: Akselberg og Bondevik (red.), s. 196–203.

Nedrelid, Gudlaug: [Melding av] Ivar Aasen: *Norsk Navnebog*. (Skrifter frå Ivar Aaseninstituttet 3.) Ved Kristoffer Kruken og Terje Aarset. Volda 1997. I: *Namn og Nemne* 15, s. 103–105.

Nicolaisen, W.F.H. (red.): *Proceedings of the XIXth International Congress of Onomastic Sciences. Aberdeen August 4–11, 1996*. Aberdeen, bind 1–3.

Nytt om namn. Meldingsblad for Norsk namnelag. Red. Botolv Helleland (ansv.), Gulbrand Alhaug, Peter Hallaråker og Lars S. Vikør. Nr. 27, 48 sider. Nr. 28, 52 sider.

Pettersen, Egil: Former for presentasjon av personene i Munkelivs brevbok. I: Akselberg og Bondevik (red.), s. 204–210.

Ramsvik, Bente: Frå Nikoline til Leikny. Kvinnenamn i Trondenes 1840–1900. I: *Håløygminne* 79, s. 141–163.

Rydving, Håkan: En samisk namnlängd. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 16, s. 81–87.

Sandnes, Berit: Stedsnavn av norrønt opphav på Orknøyene. I: *Namn och bygd* 86, s. 41–63.

Sandnes, Jørn: *Uppsala*, *Bjørkøy* og *Rosenborg*. Oppkalling og mønsterstyrt navngiving i Skandinavia. I: *Namn och bygd* 86, s. 81–90.

Schmidt, Tom: **Karlaruð* i Våler i Østfold – likevel ikke forsvunnet? I: Helleland (red.), s. 63–77.

Schmidt, Tom: Oluf Ryghs Norske Gaardnavne. I: Egil Børre Johnsen og Trond Berg Eriksen (red.): *Norsk litteraturhistorie – sakprosa fra 1750 til 1995*, bind 1: *1750–1920*. Oslo, s. 410–414.

Schmidt, Tom: [Melding av] Svante Strandberg (red.): *Ortnamn i språk och samhälle. Hyllningsskrift till Lars Hellberg*. (Acta Universitatis Upsaliensis. Nomina Germanica. Arkiv för germansk namnforskning 22.) Uppsala 1997. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 16, s. 126–128.

Schmidt, Tom: [Melding av] Mimi Håkanson (red.): *Älvsborg län. Historia i gränsbygd*. Vänersborg 1997. I: *Namn och bygd* 86, s. 184–186.

Schmidt, Tom: [Omtale av] Benedicta Windt: *Personnavnene i Sigrid Undsets samtidsromaner. En studie i anvendt litterær onomastikk*. Hovudoppgåve. Oslo 1998. I: *Nytt om namn* 27, s. 42.

Stangnes, Helge: Stadnamn på Senja. I: *Årbok for Senja* 27, s. 96–97.

Steinbru, Kjell Erik: Stedsnavnnormering sett i forhold til talemålsendringer. I: *Nytt om namn* 28, s. 22–26.

Stemshaug, Ola: Elvenamnet *Gaula* og *gul* adj. I: Akselberg og Bondevik (red.), s. 234–241.

Stemshaug, Ola: [Melding av] Jon Gunnar Jørgensen (utg.): *Aslak Bolts jordebok*. Oslo 1997. I: *Namn og Nemne* 15, s. 108–118.

Stemshaug, Ola: [Melding av] Sabine Lenschow: *Die Funktion und Verwendung der Propria in der mittelhochdeutschen Dietrich–Epik*. Mit einem Geleitwort von Friedhelm Debus. Hildesheim – Zürich – New York 1996. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 16, s. 123–124.

Storberget, Bjørn: *Kjære deg. En kjærlighetserklæring til 340 kvinnenavn*. Asker, 239 sider.

Særheim, Inge: «Notau ... udi Karmsund». Hansaens første handelsfaktori i Noreg. I: Akselberg og Bondevik (red.), s. 242–254.

Særheim, Inge: Skulebarninnsamlinga av stadnamn i Rogaland i 1931 – gøymd og gløymd i 50 år. I: *Namn og Nemne* 15, s. 7–19.

Sæther, Knut: Om personnamn i Sunndal på 1700– og 1800–talet. I: *Namn og Nemne* 15, s. 93–102.

V[ikør], L[ars] S.: NORNA–rapport 64: Byens namn. [Omtale av] Vibeke Dalberg og Bent Jørgensen (red.): *Byens navne. Stednavne i urbaniserede områder.* Rapport fra NORNAs 24. symposium i København 25.–27. april 1996. (NORNA–rapporter 64.) I: *Nytt om namn* 27, s. 37–38.

Wetås, Åse: Rekonstruksjon av stadnamn med grunnlag i mellomalderkjelder. I: Helleland (red.), s. 79–89.

Wetås, Åse: Gerhard Schøning om *Nidaros* og *Throndhiem.* [Omtale av] Roger Lockertsen: *Gerhard Schøning om bynamna Nidaros og Throndhiem. Eit handskrift frå ca. 1760.* Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab. Skrifter 1 – 1998. Trondheim. I: *Nytt om namn* 28, s. 40–41.

1997 – TILLEGG

Akselberg, Gunnstein: Offentleg namngjeving. Normering og val av veg– og gatenamn. I: Dalberg og Jørgensen (red.), s. 9–35.

Alekshina, Maria L.: *Imja sobstvennoe v sovremennom norvezhskom jazyke. Grammatitsjeskij otsjerk. / Proper Names in Modern Norwegian. A Grammar Study.* St. Petersburg, 188 sider.

Dalberg, Vibeke og Bent Jørgensen (red.): *Byens navne. Stednavne i urbaniserede områder.* Rapport fra NORNAs 24. symposium i København 25.–27. april 1996. (NORNA–rapporter 64.) Uppsala, 208 sider.

Helleland, Botolv: Norwegische Namenforschung heute und gestern. I: *Onoma* 33, s. 11–38.

Helleland, Botolv: Onomastics in Norway – main achievements September 1996 – September 1997. I: Michael F. McGoff (red.): *Ehrensperger Report. American Name Society.* Binghamton, New York, s. 19–21.

Helleland, Botolv: Per Hovda 17/10 1908 – 1/4 1997. I: *Namn och bygd* 85, s. 93–97.

Lund, Ivar: Fra gård til gate. Navnekontinuitet i en østnorsk småby. I: Dalberg og Jørgensen (red.), s. 123–133.

Stemshaug, Ola: Gatenamnpolitikk i Noreg. I: Dalberg og Jørgensen (red.), s. 135–146.

Thorp, Finn Folke: Navn på husmannsplasser i Aker lever videre. I: Dalberg og Jørgensen (red.), s. 147–158.

Ådland, Einar: Ein krig i krigen. Striden om Norsk Stadnamnarkiv i Bergen. I: *Årbok for Bergens Museum*, s. 54–60.

NYTTIGE E-POSTADRESSER OG WEB-SIDER

Dersom du skal kontakta nokon i redaksjonen av *Nytt om namn,* så kan du nå dei på fylgjande e-postadresser:

Gulbrand Alhaug: **Gulbrand.Alhaug@hum.uit.no**
Peter Hallaråker: **Peter.Hallaraker@hivolda.no**
Botolv Helleland: **Botolv.Helleland@inl.uio.no**
Lars S. Vikør: **L.S.Vikor@inl.uio.no**

Vil du ha e-post-kontakt med redaksjonen av *Namn og Nemne,* så er adressa slik:

Gunnstein Akselberg: **Gunnstein.Akselberg@hf.uib.no**
Oddvar Nes: **Oddvar.Nes@hf.uib.no**

Vil du tinge bøker og skrifter frå Seksjon for namnegransking, kan du skrive, ringje, fakse eller e-poste:

Seksjon for namnegransking, Boks 1011 Blindern, 0315 OSLO
Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post **Gunhild.Birkeland@inl.uio.no**

Seksjonen har denne heimesida:
http://www.hf.uio.no/inl/an/an.htm

Dokumentasjonsprosjektet har denne heimesida:
http://www.dokpro.uio.no

International Centre of Onomastics/ICOS:
Willy.Vanlangendonck@arts.kuleuven.ac.be

United Nations Group of Experts on Geographical Names (UNGEGN):
habermann@un.org

Heimesida til UNGEGN (som er eit eige oppslag under heimesida til the Canadian Permanent Committee on Geographical Names):
http://geonames.NRCan.gc.ca/english – opna så **United Nations** – deretter **United Nations and Geographical Names**.

Returadresse:

Seksjon for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 OSLO

ISSN 0800 – 4676